

# Forord

Eg er privilegert som har fått bruke nesten eit år på å meiske meg med mi eiga dialekt – løtendialekta. Eg er stolt av arbeidet eg har gjort, og det er nesten litt vemodig å levere det frå meg. Vi har hatt det fint i lag, eg og masteren. Derimot blir det godt å flytte ut frå lesesalen og inn i det vanlege livet mitt att. Eg har (stort sett) kosa meg med å skrive denne avhandlinga, og eg har lært utruleg mykje, takka vere alle som er nemnt under:

Professor Brit Mæhlum, tusen takk for at du har vore ein kunnskapsrik og trygg rettleiar med interesse for avhandlinga gjennom heile prosessen. Takk for alle nyttige tips, takk for kjappe e-postsvar i sykna så vel som i helga, og takk for at du har tatt deg bryet med å rette ikkje heilt sjeldne kommafeil.

Informantane mine, tusen takk for at de har ønskt meg og bandopptakaren velkomen, og for at de har delt refleksjonar og erfaringar denne avhandlinga ikkje kunne vore forutan.

Vener og medstudentar, tusen takk for lange kaffislabberas og mange gode pausar i studiekvardagen. Ein spesiell takk til Eline Buer, som slo følgje til Trondheim i 2012, og som heldt følgje gjennom heile studietida. Vi har jammen samla mange gode minne i lag.

Korrekturlesar Ole Gillebo, tusen takk for at du brukte ei godvêrshelg i mai på å finlese heile avhandlinga. ~~Ditt skarpe blikk~~ Det skarpe blikket ditt var til stor hjelp for ein mellombels ordblind student i masterinnspurten.

Mor og far, tusen takk for dagleg oppfølging og oppmoding i facebookchatten i heile studietida, og for god hjelp med å manøvrere i kommunestatistikk i innspurten. Tusen takk til Erik og Linnea for stønad i form av middagsinvitasjonar, lufteturar og for generell humørspreiing.

Bæssmor, tusen takk for at du har stilt heile *Lautin*-samlinga di til disposisjon, og for at du har svart på uendelige spørsmål om dativ og sjeldne dialektord utan å bli *stønntrotin*. Eg håper du vil halde fram med det sjølv om eg har levert masteravhandlinga.

Trondheim, mai 2017

Eline Bjørke

# Innhald

1	Innleiing .....	1
1.1	Problemformulering .....	1
1.2	Struktur .....	1
2	Løten.....	3
2.1	Om løtensamfunnet: Midtpunkt med mangfald.....	3
2.2	Løtendialekta .....	5
3	Tidlegare forskning .....	9
3.1	Dialektutvikling på Austlandet.....	9
3.2	Utvalde masteravhandlingar om talemål på Hedmarken.....	10
3.2.1	Holland: <i>Hedmarksdialekten i dag</i> (2001).....	10
3.2.2	Langli: <i>Fra lokalmiljø til storsamfunn</i> (2002) .....	11
3.2.3	Haukåssveen: <i>Over dørstokken heme</i> (2014).....	12
3.3	Talemålsforskning i Løten.....	13
4	Metode.....	15
4.1	Val av metode .....	15
4.1.1	Kvalitative og kvantitative metodar .....	15
4.1.2	Intervju .....	16
4.2	Val av informantar.....	17
4.3	Innsamling og handsaming av data .....	17
5	Analyse.....	21
5.1	Teiknforklaring til tabellane .....	21
5.2	Presentasjon av familien O .....	22
5.2.1	Ove .....	22
5.2.2	Otto.....	23
5.2.3	Ole .....	24
5.3	Språklege funn hos familien O .....	24
5.3.1	Ove .....	24
5.3.2	Otto.....	25
5.3.3	Ole .....	27
5.3.4	Tabell 1: Språklege funn for familien O .....	28
5.4	Presentasjon av familien M .....	29
5.4.1	Magne.....	29
5.4.2	Mona.....	30
5.4.3	Mia .....	30
5.5	Språklege funn hos familien M .....	31

5.5.1	Magne.....	31
5.5.2	Mona.....	32
5.5.3	Mia .....	33
5.5.4	Tabell 2: Språklege funn for familien M.....	35
5.6	Mitt eige språk i intervju.....	36
5.6.1	Tabell 3: Mitt eige språk i samtale med familien O.....	38
5.6.2	Tabell 4: Mitt eige språk i samtale med familien M .....	39
5.7	Samanlikning av informantane .....	40
5.7.1	Samanlikning av Ove og Magne: Den eldste generasjonen.....	40
5.7.2	Samanlikning av Otto og Mona: Den nest eldste generasjonen.....	40
5.7.3	Samanlikning av Ole og Mia: Den yngste generasjonen .....	41
5.7.4	Skilnadar mellom familiane .....	42
5.8	Samla vurdering av dialekttrekka .....	42
5.9	Dialektendring eller dialektskifte?.....	48
5.10	Korleis forklare dialektendringane? .....	50
5.10.1	Språk og status .....	50
5.10.2	Språk som identitetsmarkør.....	52
6	Konkluderande ord.....	55
	Litteratur.....	56
	Vedlegg .....	58
	Vedlegg 1: Kart over Løten og omland .....	58
	Vedlegg 2: Kart over utsnitt av Løten kommune .....	59
	Vedlegg 3: Intervjuguide .....	60
	Vedlegg 4: Samtykkeerklæring .....	61
	Masterarbeidets relevans for lektoryrket.....	62
	Samandrag.....	63

«Domm skar itte ha kakuskive tel duurn lenger, vettu.

Domm skar ha 'brødiskive til frokost'»

*Ove*

# 1 Innleing

## 1.1 Problemformulering

Dialekt engasjerer folk. Det er tydeleg til dømes i lokalavisa på Hedmarken, *Hamar Arbeiderblad*, der folk rett som det er bruker debattspaltene til å rope eit varsku om tilhøva til dialektene på Hedmarken. Lesarinnlegget «Mjøsdiakta er i fare» frå 2011 er eit av fleire døme som illustrerer dette:

Dialekta, den nydelige Hedmarks- og/eller Opplands-dialekta, for enkelthets skyld heretter kalt Mjøsdiakta, er i ferd med å bli borte! Ungene snakker den ikke lenger. Jeg har tidligere stusset over hvor utbredt Oslo-målet er blitt her oppe, men nå er jeg direkte skremt: jeg har møtt unger som sier «selv», og som har lagt seg til tynne *l*-er. Jeg har knapt hørt et eneste skolebarn si «je» og «itte». Og jeg tenker: Hva er det som skjer?

Mostue, 2011: 28

Ja, kva er det som skjer? Det finst det neppe eit enkelt svar på. Likevel skal eg forsøke, gjennom ein kvalitativ studie, å gje eit slags svar. Problemformuleringa er slik:

Formålet med denne studien er å undersøke dialektendring i to familiar gjennom tre generasjonar i Løten. Eg vil òg forsøke å seie noko om bakgrunnen for dialektendringane.

Basert på intervju av i alt seks personar henta frå tre generasjonar i to familiar busett i Løten, skal eg seie noko om dialektendringar i dei to familiare. Problemformuleringa er todelt. Eg har lagt hovudvekt på å undersøke språklege endringar. Den andre komponenten i problemformuleringa handlar om å drøfte bakgrunnen for dialektendringane, og inneber spørsmål om språkhaldningar.

Dialekt engasjerer meg. Interesse eg har for språk og dialekter er ein viktig motivasjonsfaktor for denne avhandlinga. Eg kjem sjølv frå Løten, og kjennskapen eg har til lokalmiljøet og den lokale dialekta, har vore ein klar fordel i dette arbeidet. Det er med stor eigeninteresse eg har valt tema for avhandlinga. Dessutan er det ikkje gjort forskning på løtendialekta tidlegare. Det er derimot etterlyst, til dømes av professor ved Høgskolen i Innlandet, Lars Anders Kulbrandstad (2000: 72), som har skrive fleire artiklar om løtendialekta i bygdeboka *Lautin*.

## 1.2 Struktur

Vidare i teksten er det fire hovudkapittel: 2 *Løten*, 3 *Tidlegare forskning*, 4 *Metode* og 5 *Analyse*. I kapittelet om Løten gir eg først ei utgreiing om lokalsamfunnet, før eg skildrar den

## Innleiing

tradisjonelle løtendialekta ved å gå gjennom utvalde dialekttrekk. I kapittel 3 *Tidlegare forskning* tek eg føre meg tidlegare forskning på dialektar på Austlandet generelt, spesifikke masteravhandlingar som er skriva om talemål på Hedmarken, og det som er skriva om løtendialekta spesielt. I kapittel 4 *Metode* går eg nærare inn på metodiske val eg har gjort, og metodiske utfordringar som har oppstått medan eg har gjennomført studien. I kapittel 5 *Analyse* presenterer dei språklege funna eg har gjort, og samanliknar korleis informantane bruker dei ulike dialekttrekka. Deretter vurderer eg stoda til dialekttrekka eg har undersøkt under 5.8 *Samla vurdering av dialekttrekka*. Dette bruker eg som grunnlag til å drøfte om dei språklege endringane eg har plukka opp i studien er ei *dialektendring* eller om det er eit *dialektskifte*. Til slutt i analysen drøftar eg bakgrunnen for den språklege endringa i underkapittelet 5.10 *Korleis forklare dialektendringane?* Etter analysen har eg eit kort avslutningskapittel, 6 *Konkluderande ord*.

## 2 Løten

*For ved Ånestadkrysset i Løten begynner taigaen.  
(Visste du det?) Det euro-asiatiske barskog-beltet,  
jordklodens grønne skjær rundt halsen.  
Som ikke ender før i Stillehavets bølger,  
ved Vladivostok.*

(Utdrag frå «Tanker ved Ånestadkrysset» av Rolf Jacobsen, 1996)

### 2.1 Om løtensamfunnet: Midtpunkt med mangfald

Løten kommune ligg på flatbygdene ved Mjøsa, på Hedmarken i Hedmark fylke (sjå kart over Løten og omland *vedlegg 1* og eit utsnitt av Løten kommune i *vedlegg 2*). I vest grensar Løten mot Hedmarkskommunane Stange og Hamar, og i aust grensar Løten mot Østerdalskommunane Åmot og Elverum. Heilt i sør er det dessutan ei kort grense mot Glåmdalskommunen Våler. Slik ligg Løten som eit midtpunkt mellom tre av fire regionar i Hedmark.

I «Tanke ved Ånestadkrysset» skriv Rolf Jacobsen om Taigaen, barskogbeltet som startar i Løten og ender i Vladivostok, på den andre sida av jorda. Det at Taigaen startar i Løten inneber at landskapet i Løten er prega både av jordbruksområda på flatbygdene rundt Mjøsa, og av barskogen i Østerdalen. Det er ved Ånestadkrysset i Løten dei to landskapa møtast.

Landskapet har naturleg nok hatt mykje å seie for næringslivet i Løten. Både jordbruk og skogbruk har vore og er viktige næringar. Primærnæringane har, som i resten av Noreg, endra seg mykje gjennom dei siste 150 åra. Det er ikkje lenger like mange heiltidsbønder i Løten som det har vore, men det er mange deltidsbønder. Skogbruk er òg ei synleg næring i Løten, sagbruket Rokosjøsaga er ein gammal og viktig arbeidsplass i bygda. 8 % av arbeidsplassane i Løten er innan jordbruk, skogbruk og fiske (Hauge, Gløtvoll-Solbu, Lauritzen, Alnes og Ørbeck, 2014: 41). Det er meir enn tre gongar så høgt som landsgjennomsnittet, og dessutan høgst av alle kommunane på Hedmarken (ibid). Elles skil Løten seg frå resten av landet ved å ha mange sysselsette i bygg- og anleggsbransjen (ibid).

I tillegg har Løten hatt ein viktig industristad. Langs Svartelva, på Ådalsbruk, låg Aadals Brugs Jernstøberi og Mekaniske Verksted, i tillegg til Klevfos Cellulose og Papirfabrikk. Dei

to fabrikkane gjorde vesle Ådalsbruk i Løten til den største industristaden mellom Oslo og Trondheim rundt år 1900. På midten av 1800-talet stod Grundsetbana klar, som ein av dei første jarnbanestrekningane i Noreg, med tre stoppestader i Løten, den eine på Ådalsbruk. Jarnbana hadde naturleg nok stor påverknad på Løten. Med jarnbana vaks industrien på Ådalsbruk, og Løten blei ein liten stasjonsby med sentrum rundt den eine jarnbanestasjonen i bygda. Med eit sentrum i vekst fekk Løten grunnlag for handelsverksemd, bustadbygging og utvikling av sørvisnæringar.

Løten sentrum har blitt eit av dei største tettstadane i Hedmark (Løten kommune, 2005: 3), men av dei fire kommunane på Hedmarken – Stange, Hamar, Ringsaker og Løten – er Løten den minste i innbyggjartal, med 7 633 innbyggjarar (Statistisk Sentralbyrå, 2017). Minst av «søskena», og med eit drygt kvarter å køyre til kvar av dei største byane i Hedmark, Hamar og Elverum, blir på mange måtar Løten «veslebroren» på Hedmarken. Dessutan ligg Oslo 12 mil unna, og med nybygd firefelts motorveg og togavgangar kvar time, ligg storbyen nære. Det kan vere nokre av forklaringane på kvifor veksten av sørvisnæringar aldri tok heilt av i Løten (Løten kommune, 2005: 3). Løtensokningane har mange tenester og tilbod rett utanfor kommunegrensa. På grunn av den sentrale plasseringa er Løten den kommunen i Hedmark med høgast arbeidsmarknadsintegrasjon, med mange sysselsette som pendlar ut, og mange arbeidsplassar i kommunen som blir dekt av pendlarar frå andre kommunar (Løten kommune, 2016a: 7). Likevel var det stor motstand mot kommunesamanslåing i Løten, over 80% av dei som stemte i den rådgjevande folkeavstemminga stemte nei til å bli med på ei eventuell kommunesamanslåing i Hamarregionen (Løten kommune, 2016b).

Det er fire kommunale barneskular i Løten, ein ungdomsskule, og ein privat friskule med elevar frå 1. – 10. trinn, som samlar elevar frå heile Hedmarken. Det er ingen vidaregåande skule i Løten, så elevane pendlar til Hamar, Stange eller Elverum, avhengig av kva line dei skal gå og kva skule dei kjem inn på. Kanskje på grunn av at primærnæringane framleis er relativt viktige i Løten, er utdanningsnivået lågt. Ifølgje Planprogram for kommuneplanens samfunnsdel (Løten kommune, 2016a) har berre 62 % av befolkninga i Løten vidaregåande eller høgare utdanning, mot 73,1 % på landsbasis (Statistisk sentralbyrå, 2016).

Planprogram for kommuneplanens samfunnsdel 2018 – 2030 (Løten kommune, 2016a) peiker på fleire utfordringar knytt til det låge utdanningsnivået i kommunen. Til dømes er det fleire folkehelseproblem som blir sett i samanheng med høgt fråfall frå vidaregåande skule og stor sosial ulikskap. Det er vesentleg fleire unge uføre i Løten enn landgjennomsnittet (Løten



kommune, 2016a: 11), og 14,5 % av ungane i kommunen er i familiar med låg inntekt, mot 11,5 % på nasjonalt nivå (Løten kommune, 2016a: 9). Planprogram for kommuneplanens samfunnsdel syner òg at Løten er den kommunen på Hedmarken som kan vente seg sterkast vekst i aldersgruppa 80 og eldre (2016a: 9). Derimot veks befolkninga i Løten, hovudsakleg gjennom arbeidsinnvandring (Løten kommune, 2016a: 6). Folkeveksten i Løten er vesentleg mindre enn landsgjennomsnittet, men større enn gjennomsnittet i Hedmark (ibid).

Det er eit rikt og variert kulturliv i Løten, og mange innbyggjarar er aktive i organisasjonslivet i bygda. Det er mellom anna tre korps, både for unge og vaksne, to kor, fleire idrettslag, bygderevy, ungdomsteater, speidargrupper, turistforeining og skyttarlag. Edvard Munch blei fødd i Løten, og var på besøk fleire somrar etter at han flytte ut frå bygda. I 2012 opna Munch-senteret som ein del av Klevfos Industrimuseum i dei gamle industribygga etter Klevfos papirfabrikk, ikkje langt frå der Munch blei fødd. Om Munch har sett eit stort preg på kulturlivet i Løten utover det, kan ein kanskje diskutere. Men det er inga tvil om at Løten har avla og husa fleire folkekjære kunstnarar: Både Cowboy-Laila, Guren Hagen og fleire av muskarane i Ole Ivars har tilknytning til Løten. Likevel er Løten kanskje mest kjent gjennom merkevarenamna til akevitten Løiten Linie, lysstøyperiet Løiten Lys, og kanskje pultosttypen Løiten. I september kvart år feirar Løten seg sjølv og matkulturen på innlandet i «Pultost- og akevitttdaga», ein festival i Løten sentrum som samlar allslags Løtensokningar til fest.

## 2.2 Løtendialekta

Løten høyrer til det austlandske dialektområdet. Nærare bestemt høyrer løtendialekta til dei nordaustlandske dialektene saman med dei andre dialektene på flatbygdene rundt Mjøsa, i tillegg til dialektene austover frå Hedmarken til svenskegrensa, dialekter i Østerdalen og dialekter sør i Gudbrandsdalen (Mæhlum og Røyneland, 2012: 54).

Vidare vil eg skildre løtendialekta ved å gå inn på utvalde dialekttrekk som eg skal bruke i analysen av dialektbruken til informantane i kapittel 5 *Analyse*. Eg skildrar ein stilisert versjon av den tradisjonelle løtendialekta, og eg skildrar ho som ein einskapleg storleik. Det er sjølv sagt veldig forenkla. Korleis dialekta blir brukt, varierer med faktorar som sosial klasse, alder og kjønn. Mange av dialekttrekka eg går inn på, er dessutan under press, og i ferd med å vike til fordel for bokmålsnære former.

*Jamvekt*

I løtendialekta er det jamvekt. Ord som var kortstava på norrønt, ender på ein fullvokal (*a*, *å*, *u* eller *o*) i dialekter med jamvekt, og ord som var langstava på norrønt, ender på ein svekka vokal, såkalla «slapp *e*» (Kulbrandstad, 1977: 131). I løtendialekta realiserer det seg slik at det heiter *ei viku*, *en påså*, *å vara* og *å tråå*, men *ei høne*, *en måne*, *å kjøpe* og *å synge*.

*Spørjeord*

Spørjeorda i den tradisjonelle løtendialekta startar alle som hovudregel på *å*: *åffer* (nynorsk kvifor), *åkken* (nn. kven), *åssen* (nn. korleis), *å* (nn. kva) og så vidare.

*Tjukk l*

Tjukk *l*, eller retrofleks flap, kjem anten frå det som historisk var ein *l*, som i *sol* (nn. sol), eller frå det som historisk var *rð*, no *rd*, til dømes *bord*, som med tjukk *l* blir uttalt *boɽ* (Kulbrandstad, 1977: 132). I løtendialekta finst både tjukk *l* etter historisk *l* og etter historisk *rð*.

*Pronomen og nektingsadverb*

Det tradisjonelle pronomenet for førsteperson eintal i løtendialekta er pronomenet *je*, og *domm* for tredjeperson fleirtal. Varianten *itte* er i bruk som nektingsadverb.

*Verb i presens*

På løtendialekt er presensforma av sove *søv*, og *kjæm* er presensforma av *å kome*. Systemet er slik at så lenge rotstavinga tillèt det, blir sterke verb bøygd i presens einstava (Kulbrandstad, 1977: 138). Systemet er likt systemet i nynorsk.

Svake verb har ikkje *r*-ending i presens i løtendialekta (Kulbrandstad, 1977: 138). Det heiter til dømes *kaste*, *kjøpe* og *svara* i presens, ikkje *kaster*, *kjøper* og *svarar*, som til dømes hos naboane i Elverum.

*Substantiv*

Både sterke og svake hokjønnsst substantiv ender på *-a* i bestemt eintal i austlandske dialekter, som løtendialekta. (Kulbrandstad, 1977: 136). I bestemt fleirtal får hokjønnsord endinga *-n*, som *jintn* og *bøkn*, medan hankjønnsord i fleirtal får endinga *-a*, som *gutta* og *bokstava* (Kulbrandstad, 2000: 69).

*Fortidsending på a-verb*

Mange svake *a*-verb får «slapp *e*» som ending i fortid, som *kaste* – *har kaste*. Enkelte andre svake *a*-verb ender på *a*, som *baka* – *har baka*, på grunn av jamvektsprinsippet (Mæhlum og Røyneland, 2012: 57).

*Trykk*

Til vanleg er trykket på første staving på importord i løtendialekta (Sjekkeland, 2005: 160). Det heiter til dømes *'butikk*, *'pappir* og *'moderne*.

*Vokal senking*

Når ein løtensokning uttaler *frisk* som *fresk*, *femti* som *fæmti* og *flytte* som *fløtta*, er det på grunn av fenomenet *senking*. I den lydlege prosessen senking fell kvaliteten på ein vokal eit hakk ned, samanlikna med kvaliteten på vokalen på norrønt (Mæhlum og Røyneland, 2012: 56). *i* fell ned til *e*, *e* fell ned til *æ*, og *o*, og *y* fell ned til *ø*. Senkingssystemet i løtendialekta er derimot tradisjonelt ikkje like omfattande som i andre dialekter på flatbygdene. Ifølgje Kulbrandstad (1977: 135) uttaler løtensokningar *e* framfor konsonantane *k* og *g*, som i *kveks* (nn. *kvefs*), *veg* og *stega* (nn. *stige*). Dette skil løtendialekta frå dialektene i til dømes Stange og Ringsaker.

*Monoftongering*

I Vazelina Bilopphøggers' «På magan bak en sten», ein song som handlar om ein som spionerer på ei pen, topplaus dame i Løten, gjer Vazelina eit nummer ut av monoftongeringa i løtendialekta. På totendialekt, som Vazelina bruker, monoftongerer ein ikkje diftongen *ei*, og til vanleg ville dei ha sunge *stein*, *reise*, *bein* og *grein*, og ikkje *sten*, *rese*, *ben* og *gren*, som ein tradisjonelt gjer i Løten, og som Vazelina gjer i «På magan bak en sten». I tillegg til at diftongen *ei* blir monoftongert til *e*, blir diftongen *øy* monoftongert til *ø* og *au* monoftongert til *ø* (Sjekkeland, 2005: 160). Kulbrandstad (2000: 65) meiner Løtendialekta skil seg frå andre dialekter på Hedmarken ved at diftongen *au* blir monoftongert i større grad i Løten. Løtensokningar seier *bløt*, *fløt* og *skjøt*, som østerdølane, medan folk frå Stange, Hamar og Ringsaker ville ha sagt *blaut*, *flaut* og *skaut* (ibid).

*Dativ*

Det har eksistert eit dativssystem i løtendialekta, som i andre dialekter på Hedmarken (Kulbrandstad, 1977: 137). Det gjer det ikkje lenger. Derimot finst det språkbrukarar som har enkelte stivna dativsformer, særleg i samanheng med stadnamn og gardsnamn. Ein kan til

dømes høyre løtensokningar som snakkar om *a Guri Hoḡa* (frå garden Hølen), og folk *frå Nordbygden*.

*Palatal segmentering*

Palatal segmentering inneber at enkelte ord, som *mann* og *skodde*, blir uttalt med ein slags palatal diftong, som *mæinn* og *skøidde* (Sjekkeland, 2005: 161). Dette er eit dialekttrekk som er under sterkt press i løtendialekta.

### 3 Tidlegare forskning

I dette kapittelet skal eg ta føre meg tidlegare forskning på dialekter og dialektutvikling på Austlandet. Først vil eg sjå på utviklingstendensar, med fokus på Austlandet. Deretter vil eg kort summere opp tre sosiolingvistiske masteravhandlingar om språksituasjonen i området rundt Løten: Holland (2001) om Stange og Hamar, Langli (2002) om Vang og Hamar, og Haukåssveen (2014) om Ringsaker. Desse avhandlingane er relevante for avhandlinga mi fordi dei tek føre seg flatbygdsmål, endring av flatbygd målet, og dei undersøker dialekttrekk eg undersøker i denne avhandlinga. Dei studerer først og fremst språkbruk og språkhaldningar blant ungdom på Hedmarken, i lokalsamfunn som kan samanliknast med Løten. Til slutt i dette kapittelet vil eg sjå på det som er skrive om talemål i Løten spesielt.

#### 3.1 Dialektutvikling på Austlandet

Språket endrar seg heile tida. Dialektnivellering er ein type språkendring som er gjennomgåande i dei fleste lokalmiljø i Noreg i dag, og ein klar tendens i det norske språksamfunnet. Dialektnivellering er det ein gjerne blant folk kallar for «utvatning» av dialektene. Det inneber at språktrekk med relativt avgrensa geografisk utbreiing blir erstatta av språktrekk med større geografisk bruksområde (Mæhlum og Røyneland, 2012: 126). Eit døme på dialektnivellering er at flatbygdvarianten *itte* blir erstatta av *ikke*.

På Austlandet ser ein ei utvikling der dialektene nærmar seg talemålet i Oslo, eller eit såkalla bokmålsnært talemål. Mæhlum og Røyneland (2012: 132) skriv at det på nokre område i Aust-Noreg, særleg i midlandsormådet, er så store skilnader mellom den tradisjonelle dialekta og den nye, Oslo-nære dialekta, at dialektskifte er eit meir presist omgrep enn dialektnivellering. Sjølv om det altså ikkje er noko nytt at språket endrar seg, er det enkelte indikasjonar som tyder på at dialektnivelleringa på Austlandet skjer i eit høgare tempo no enn tidlegare.

I boka *Austlandsmål* frå 1974 (Skogstad, 1974), konkluderte Austmannalaget at dialektene heldt seg godt over heile Austlandet, men at nokre unge i urbane område hadde litt «utvatna» dialekt. I oppfølgjaren, *Austlandsmål i endring*, frå 1999, slår Vikør (1999: 13) fast at stoda er ei heilt anna: Det er tydelege teikn på ein langt sterkare overgang til bokmålsnært talemål enn slik det blei skissert i *Austlandsmål* i 1974. Han meiner dette verkar å vere ganske særeige for

Austlandet, og at dialektnivelleringa skjer i eit heilt anna og mindre dramatisk tempo i andre landsdelar.

Basert på ulike studiar gjort på talemål rundt på Austlandet, samanfattar Vikør (1999: 40) prosessen i tre punkt: 1. Mange ungdommar på bygda har gått over til å prate «meir eller mindre reint eller tilnærma reint bymål eller bokmål», 2. Folk som bruker dialekt, går over frå å bruke lokale ord og former til å bruke meir allmenne ord og former, og 3. Ungdom vekslar og blandar mellom ulike varietetar, gjerne mellom tradisjonell dialekt og standard austnorsk talemål, avhengig av kven dei pratar med.

For å forklare denne utviklinga i retning av språkleg utjamning på Austlandet viser Vikør (1999: 41) til fleire tolkingar. Tolkingane bruker mellom anna regionalisering, geografisk mobilitet og prestisjen til bokmål og standard austnorsk talemål som forklaringar. Han trekker med andre ord ikkje fram eitt fasitsvar som kan forklare talemålsutviklinga, men antydgar at faktorane påverkar i ulik grad og i kombinasjon med kvarandre. Han peiker òg på haldningar og identitet som viktige påverknadsfaktorar til språkval. «Spørsmålet er ikkje berre kor ein kjem frå, men òg kor ein vil hen» (Vikør, 1999: 44). Dette går eg sjølv nærare inn på i analysen, under *5.10.2 språk som identitetsmarkør*.

## **3.2 Utvalde masteravhandlingar om talemål på Hedmarken**

### **3.2.1 Holland: *Hedmarksdialekten i dag* (2001)**

I 2001 undersøkte Ann Kjersti Holland språk og språklege motiv hos ungdommar frå by og bygd på Hedmarken. Ho intervjuar fire ungdommar frå Hamar, som det mest urbane området, fire frå Romedal, som det mest rurale området, og fire frå Stange, som eit slags mellomområde. I tillegg hadde ho to vaksne informantar, frå foreldregenerasjonen, som skulle fungere som referansepersonar og representere den tradisjonelle dialekta. Studien var i hovudsak kvalitativ, men ho brukte kvantitative metodar for å kartlegge dialekta. Ho brukte utvalde lingvistiske variablar til å peike på dialektale endringsmønster. I intervju med informantane undersøkte ho problemstillingar knytt til haldningar og identitet.

Hypotesen til Holland var at bruken av tradisjonell dialekt ville henge saman med kva område ungdommane kom frå, at ungdommane frå det mest urbane området ville ha minst tradisjonell dialekt, og at ungdommane frå det mest rurale området ville ha mest tradisjonell dialekt. Ho fekk berre delvis stadfesta hypotesen sin, då ho avdekkar sterk interindividuell variasjon

mellom informantane. Talemålsvala til ungdommane varierte ganske uavhengig av bustad, men var mellom anna knytt til by- og bygdeidentitet. Informantane som hadde ein sterk bygdeidentitet, brukte fleire tradisjonelle dialekttrekk enn informantane som identifiserte seg meir med det urbane. Holland hadde informantar som hadde vakse opp i Stange og i rurale Romedal, men som hadde ein by-identitet som blei reflektert i språkvala dei tok.

Likevel var det to informantar frå rurale Romedal som skilde seg ut med markant meir tradisjonell dialekt enn dei andre informantane. Hos desse informantane var til dømes dialekttrekk som jamvekt, *domm* som tredjepersonspronomen i fleirtal og trykk på første staving i importord klart hovudregelen. Dei fleste informantane, inkludert dei to andre informantane frå rurale Romedal brukte som hovudregel den modifiserte varianten av dei nemnte dialekttrekka. Derimot fann Holland at nesten alle informantane brukte tjukk *l* for historisk *rð*.

### **3.2.2 Langli: *Fra lokalmiljø til storsamfunn* (2002)**

I hovudfagsoppgåva si frå 2002, undersøkte Henriette Langli språket til barn og unge i Vang i Hamar kommune. Vang er ei bygd utanfor Hamar sentrum, som fram til 1992 var ein eigen kommune. Hypotesen til Langli var at Vang fekk stadig større nærleik til storsamfunnet Hamar, og at det ville føre med seg at unge gradvis endra språket sitt i retning av eit bokmålsnært talemål etter kvart som dei vaks opp. Ho venta å sjå at talemålet til dei unge endra seg etter kvart som dei kom lenger ut i skuleløpet. Informantane til Langli gjekk på barneskule i Øvre Vang, eit ruralt område utanfor Hamar sentrum, og kom stadig nærmare byen og storsamfunnet etter kvart som dei begynte på ungdomsskulen og deretter på vidaregåande. For å undersøke hypotesen, intervjuar Langli informantar frå både barneskulen, ungdomsskulen og vidaregåande skule.

I resultatata til Langli kunne det sjå ut til at hypotesen hennar ikkje stemte. Informantane frå barneskulen hadde i gjennomsnitt lik modifiseringsprosent som informantane frå ungdomsskulen, som altså gjekk på skule nærare byen. Døme på språklege funn i studien til Langli er at informantar både frå ungdomsskulen og barneskulen brukte det modifiserte nektingsadverbet *ikke*, dei bøygde sterke verb slik at dei blei tostava i presens, og ingen av dei hadde det tradisjonelle dialekttrekket *r*-bortfall ved svake verb i presens. Barneskuleelevane i Øvre Vang brukte altså ikkje meir tradisjonell dialekt enn ungdomsskuleelevane som gjekk på skule nærmare Hamar sentrum. Langli tolkar resultatata som at det har gått føre seg ei diakron språkendring, slik at språket i storsamfunnet har nådd inn til lokalmiljøet i Øvre Vang.

Parallelt med den gradvise endringen som skjer gjennom at kontakten med storsamfunnet øker etter hvert som den individuelle språkbrukeren blir eldre, ser det altså ut til at det i den senere tiden har skjedd en forandring i *hele* lokalmiljøet når det gjelder kontakten med storsamfunnet.

Langli, 2002: 138

Ho avviser altså ikkje hypotesen sin, og meiner at det framleis er grunn til å tru at kontakta med storsamfunnet blir større etter kvart som språkbrukarane blir eldre. Dei kvalitative intervjua med informantane underbygger hypotesen, då informantane uttrykker at dei opplevde overgangen frå barneskulen til ungdomsskulen som ein språkleg overgang. Derimot ser ho at det dei siste åra har vore ein parallell prosess der storsamfunnet no har nådd heilt inn i lokalsamfunnet, og at ungane i rurale Øvre Vang på sett og vis har blitt inkludert i det urbane. Som resultat av dette har ungane, ifølgje Langli, begynt å snakke meir urbant enn tidlegare.

### **3.2.3 Haukåssveen: *Over dørstokken heme* (2014)**

I masteroppgåva frå 2014 undersøkte Kjersti Brenden Haukåssveen språklege endringar og haldningar hos ungdom i Ringsaker. Ho la stor vekt på å undersøke om tradisjonelle dialekttrekk var i bruk blant informantane, og kva variantar i ringsakerdialekta som har endra seg dei siste tiåra. Ho brukte ei spørjeundersøking der ho bad informantane rapportere om eigen språkbruk. I tillegg gjorde ho kvalitative undersøkingar, der ho gjennom intervju såg på haldningane informantane hennar hadde til dialekt. For å få fram variasjonane i kommunen plukka Haukåssveen informantar frå to ungdomsskolar: Frå Brummunddal ungdomsskule, som ligg i den sørlege, meir urbaniserte delen av kommunen, og Brøttum ungdomsskule, som ligg i den nordlege, meir rurale delen av kommunen.

I likskap med Holland fann Haukåssveen at den tjukke *l*-en står relativt sterkt. Nesten 80% av informantane hennar svarte at dei brukte tjukk *l*. Om lag 60% av informantane rapporterte at dei brukte tredjepersonspronomenet *domm*. Tendensen på dei andre dialekttrekka Haukåssveen undersøkte, var at det var eit mindretal som rapporterte at dei brukte den tradisjonelle varianten. Dette gjaldt til dømes *r*-bortfall ved svake verb i presens, der 32% oppgav at dei brukte varianten *kaster* i staden for den tradisjonelle varianten *kaste*. Om lag 30% oppgav at dei brukte det tradisjonelle førstepersonspronomenet *je*, og om lag like mange brukte tradisjonelle spørjeord på *å*. Blant ungdommen i Ringsaker fann Haukåssveen belegg på både palatal segmentering og dativ, men i særskilt liten grad. Ho fann døme på palatal



segmentering hos éin av informantane, og dativ fann ho i det ho kallar «ein form for dialektal bøyning i retning av dativ» (Haukåsveen, 2014: 64).

Haukåsveen fann stor variasjon blant informantane sine, og slo fast at det ikkje går an å gje eit eintydig svar på korleis ringsakermålet ser ut i dag. Ho meinte likevel at ringsakermålet har vore utsett for påverknad frå standard austnorsk talemål, med dialektnivellering som resultat. Det er rett nok ikkje snakk om eit dialektskifte: Fleire av dei tradisjonelle dialekttrekka er i bruk hos ungdommen. Dessutan fann Haukåsveen at ungdom i Ringsaker jamt over har positive haldningar til dialektbruk generelt, og til si eiga dialekt.

### 3.3 Talemålsforskning i Løten

Det er ikkje gjort forskning på løtendialekta spesielt, bortsett frå ei undersøking femteklasse ved Hedemarken Friskole i Løten gjorde i 2013. Dei undersøkte bruken av monoftong i Løtendialekta. For dette arbeidet vann dei Språkprisen i «Årets Nysgjerrigper», ein forskingskonkurranse for elevar på barneskulen. Ved hjelp av spørjeskjema fann dei mellom anna at eldre språkbrukarar i Løten har meir monoftong i dialekta si enn yngre (Hedemarken Friskole, 2013).

Lars Anders Kulbrandstad har skrive artiklar om løtendialekta i fleire utgåver av bygdeboka *Lautin*, frå 1977, 1981 og 2000. I artikkelen «Litt om løtenmålet» frå 1977 presiserer han at «opplysningene som gis i denne framstillingen, ikke bygger på noen planmessig registrering av målbruken i Løten i dag» (Kulbrandstad, 1977: 129). Artikkelen er likevel interessante fordi dei syner ein klar utviklingstendens.

I artikkelen frå 1977 skriv Kulbrandstad at det er ein auka respekt for dialektene i Noreg, og at det har ført med seg ei større interesse for dialekt. For å svare på denne interessa, går Kulbrandstad gjennom målmerke i den tradisjonelle løtendialekta. Han skriv at dialektene, som alt levande språk, sjølvstendig er i endring. Han meiner derimot at det ikkje er grunn til å tru at dialektene er i ferd med å døye ut. Kulbrandstad gjer inntrykk av at dei fleste dialekttrekka han skildrar i artikkelen, til dømes jamveksregelen, tjukk *l*, monoftongering og *r*-bortfall ved svake verb i presens er i bruk i løtendialekta, og at dei står stødig. Dialekttrekka palatalisering, eller palatal segmentering, og dativ, meiner han derimot at ein for det meste berre kan høyre hos eldre språkbrukarar i Løten, og at det er sannsynleg at desse dialekttrekka vil forsvinne frå løtendialekta.

I *Lautin*-artikkelen «Som dom sa før gammælt – ord og uttrykk på veg ut av Løten-dialekta» frå 1981, berre fire år etterpå, slår Kulbrandstad fast at talemålet er under merkbar forandring. Han skriv at det verken er noko nytt eller oppsiktsvekkande at språket forandrar seg, men at det ser ut til at tempoet på dialektforandringa for tida er ganske høgt, og at det er synd at lokale særpreg i dialekta blir slipt vekk. I artikkelen har han derfor samla lokale ord og uttrykk som han mistenker er i ferd med å bli skifta ut med meir regionale former, som *jønn* (nn. jarn), *ølløv* (nn. elleve) og *korter* (nn. kvarter), og uttrykk som beint fram er på veg ut av språket, som *taku* (nn. flittig) og *stønntrotin* (nn. utålmodig).

I «Løtenmålet i forandring» frå 2000, forsøker Kulbrandstad å peike på kva i løtendialekta som er i endring. Av forandringar i lydsystemet skriv han at palatal segmentering er i ferd med å forsvinne. Monoftongen står relativt sterkt, og den tjukke *l*-en meiner Kulbrandstad står stødig. Bøyingsystemet i løtendialekta meiner han held seg nokså stabilt, med nokre unntak, som at dativsbøying nesten har forsvunne. Han meiner at dei mest dramatiske endringane i løtendialekta skjer i ordtilfanget, som skildra i artikkelen frå 1981.

Den raude tråden i *Lautin*-artiklane til Kulbrandstad er at løtendialekta er i forandring, og at det skjer ei dialektnivellering. Kulbrandstad er oppteken av å understreke at språk alltid er i endring, og at det ikkje er grunn til å tru at dialektene er i ferd med å døy ut. Dette gjentek han også i den siste artikkelen, «Løtenmålet i forandring», men han ser ikkje like optimistisk på framtida til løtendialekta som før. Han skisserer ei framtid der byggedialektene er skifta ut med regionalmål. Han skriv at dersom Hamar er sterkt nok til å danne eit regionalt spreingscenter, som Trondheim i Trøndelag, så kan det vere at det kjem til å utvikle seg ei slags felles hedmarksdialekt. Han trur likevel ikkje det er sannsynleg. Hamar kan neppe konkurrere med Oslo som spreingscenter, og Kulbrandstad spår at byggedialektene på Hedmarken vil bli erstatta av eit bokmålsnært talemål.

## 4 Metode

### 4.1 Val av metode

#### 4.1.1 Kvalitative og kvantitative metodar

Sosiolingvistikk er eit tverrvitskapleg fag, kor det har vore tradisjon for å bruke metodar både frå sosiologi, sosialantropologi og språkvitskap (Akselberg og Mæhlum, 2008: 75). Både kvalitative og kvantitative metodar har blitt brukt i sosiolingvistiske studiar. Gjennom kvantitative metodar kan ein kvantifisere språklege og sosiale forhold, og ein kan få eit oversyn over språksituasjonen i samfunnet ein ønskjer å undersøke (Akselberg og Mæhlum, 2008: 77). Kvantitative studiar skal ofte ta føre seg eit representativt utval, slik at resultatane kan generaliserast. Kvalitative metodar bruker ein derimot ofte for å undersøke ting ein ikkje kan kvantifisere, som kjensler og haldningar, og ein bruker få informantar til å gå i djupa på det ein undersøker.

For å få svar på den delen av problemstillinga mi som handlar om dialektendring, kunne det ha vore aktuelt å bruke ein kvantitativ metode. Eg kunne til dømes ha brukt eit spørjeskjema, distribuert det til mange løtensokningar i fleire generasjonar, og bedt dei bruke introspeksjon til å svare på korleis dei meiner dei bruker dialekta. Ulempa med å få informantar til å rapportere eigen språkbruk, er at dei kan ha normative oppfatningar om språket og at dei i praksis bruker språket på ein annan måte enn dei trur dei gjer (Johannessen, 2003: 136). I tillegg vil det i praksis vere nesten umogleg for forskaren å stille oppfølgingsspørsmål, og å kontrollere at spørsmåla ikkje blir misforstått (Johannessen, 2003: 137). For å undersøke den delen av problemstillinga som handlar bakgrunnen for dialektendringar, og haldningar til dialekt, ville kvantitative metodar ha vore ueigna.

Ein bruker kvalitativ metode for å «oppnå en dypere innsikt og forståelse av sammenhengene mellom språk og de konkrete individene som bruker språket» (Akselberg og Mæhlum, 2008: 77). I staden for å lære litt om veldig mange informantar, lærer ein mykje om få informantar. Resultata er ikkje statistisk generaliserbare, men har relevans fordi dei syner kva som har noko å seie for den språklege åtferda til enkeltindivid, og har prinsipiell interesse utover individa som er undersøkt (Akselberg og Mæhlum, 2008: 78).

### 4.1.2 Intervju

Eg valde å bruke intervju som metode for å undersøke problemstillinga mi. Thagaard (2002: 83) skriv at «formålet med et intervju er å få fylldig og omfattende informasjon om hvordan andre mennesker opplever sin livssituasjon. (...) Denne metoden gir et særlig godt grunnlag for innsikt i informantenes erfaringer, tanker og følelser». Når eg skal undersøke bakgrunnen for talemålsendringar, kvifor informantane bruker språket som dei gjer, er det nettopp innsikt i erfaringane, tankane og kjenslene til informantane eg er på jakt etter. Ved å ta opp intervjuet vil eg dessutan få mykje materiale eg kan bruke som utgangspunkt for å skildre korleis informantane mine bruker språket. Slik vil intervju vere ein god metode til å svare på begge komponentane i problemstillinga mi.

Dei fleste som bruker intervju som kvalitativ metode, har ei såkalla delvis strukturert tilnærming til intervjuet (Thagaard, 2002: 84). Det tyder at forskaren har førebudd spørsmål på førehand. Det er planlagt kva tema ein vil prate om i intervjuet, men intervjuet blir ikkje slavisk styrt av spørsmåla. Det er rom for at ein kan stille oppfølgingsspørsmål, ta opp ting ein ikkje hadde tenkt på på førehand, og informanten kan til ein viss grad vere med på å styre intervjuet.

Det er fleire ting ein må ta omsyn til når ein skal planlegge eit slikt intervju. For å kunne stille relevante spørsmål, må ein setje seg godt inn i situasjonen til informanten på førehand. Dersom spørsmåla ein stiller er for generelle og vage, vil det vere vanskeleg å få konkrete og nyanserte svar frå informanten (Thagaard, 2002: 90). Når ein skal intervju barn, er det endå viktigare at ein unngår generelle haldningsspørsmål, og tek omsyn til at barn har mykje enklare for å svare på spørsmål som tek utgangspunkt i konkrete hendingar (Thagaard, 2002: 89). Eg mistenker at eg ikkje i tilstrekkeleg grad la til rette intervjuet for dei yngste informantane mine. Dette går eg nærare inn på under *4.3 Innsamling og handsaming av data*.

Det er viktig å reflektere over maktforholda i slike forskingsintervju. Forskaren må tenke over kva posisjon hen har overfor informanten, og korleis det kan verke inn på intervjuet (Thagaard, 2002: 98). Informantar som ser opp til forskaren, til dømes, kan søke å svare det dei trur forskaren ønskjer dei skal svare (Thagaard, 2002: 101). For at intervjuet skal bli vellykka, må forskaren gjere informanten trygg, og legge til rette for at informanten føler hen kan vere fortruleg med forskaren (Thagaard, 2002: 84). Viss informanten styrer svara sine etter kva hen trur forskaren er ute etter, eller ikkje føler fortrulegheit til forskaren, vil det vere vanskeleg for forskaren å få innblikk i kjenslene, tankane og opplevingane til informanten.

## 4.2 Val av informantar

Når ein skal velje informantar til kvalitative studiar, baserer ein seg på strategiske utval. «(...) det vil si at vi velger informanter som har egenskaper eller kvalifikasjoner som er strategiske i forhold til problemstillingen» (Thagaard, 2002: 53). Informantane fungerer ofte som ein slags «prototype», og representerer språklege praksisformar i samfunnet ein studerer (Akselberg og Mæhlum, 2008: 80). Sjølv om informantane ikkje er statistisk sett representative, kan dei syne fram karakteristiske trekk i språksamfunnet (ibid).

For å undersøke dialektendringa, valde eg å intervjuje ein besteforelder, ein forelder og ein unge i same familie. Eg hadde på førehand ei viss formeining om at dialekttrekk frå den tradisjonelle løtendialekta, i større grad jo yngre informanten er, vik til fordel for bokmålsnære former. Eg sette som kriterium at alle informantane måtte ha vakse opp i Løten. Eg ville helst at den yngste informanten ikkje skulle ha begynt på vidaregåande skule endå. Når eg etter kvart bestemte meg for å intervjuje to familiar, ville eg gjerne at det skulle vere skilnadar mellom den og den første familien, særleg med omsyn til sosioøkonomiske faktorar, då det kan vere interessant å samanlikne.

Eg kjente til begge familiane før eg intervjuja dei. Om den eine familien, som eg har gitt namn som byrjar på O, visste eg at dei var stolte bønder med sterk lokal identitet, og at dei to eldste informantane er aktive og tydelege personar i lokalsamfunnet. Sidan dei er busett på gard, sette eg som kriterium for den andre familien at dei *ikkje* skulle vere knytt til primærnæringa. Den andre familien, med namn som byrjar på M, bur i eit byggefelt på den gamle industristaden Ådalsbruk.

## 4.3 Innsamling og handsaming av data

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, NSD - Norsk senter for forskningsdata. Før intervjuet fekk alle informantane ei samtykkeerklæring, vedlagt i *vedlegg 4*, med informasjon om studien.

Eg intervjuja alle informantane heime hos dei. Eg håpa det ville bidra til at informantane ville føle seg trygge då dei blei intervjuja. Det er heilt avgjerande at forskaren greier å etablere ei god og tillitsfull atmosfære: «Hvis forskeren ikke lykkes i dette, får intervjuet en dårlig kvalitet» (Thagaard 2002: 98). Eg opplevde at eg greidde å skape ei trygg atmosfære i intervjusituasjonen, og at eg i alle intervjuja – med unntak av eitt, hadde tillit hos informantane. Intervjuet med ein av dei yngste informantane bar preg av at eg ikkje greidde å

skape tryggleik i intervjusituasjonen. Informanten var sannsynligvis nervøs, og var ganske atterhalden og taus under intervjuet.

Eg hadde i utgangspunktet planlagt å intervju alle kvar for seg, men sidan vi var heime hos dei og det var relativt avslappa stemning, gjekk folk litt til og frå, og det var ingen av intervjuia som gjekk heilt uforstyrta for seg. Hos dei to yngste informantane var ein forelder til stades under heile intervjuet, og i intervjusituasjonen som var prega av utryggleik, bidrog forelderen som ein slags «co-pilot» under intervjuet. Det kan ha gjort at informanten opplevde situasjonen som litt mindre ubehageleg og formell, men eg kan likevel ikkje sjå at det gjorde at han opna seg opp på nokon måte. Det kan vere at det å bli observert av forelderen i tillegg til meg ga eit press om forventingar. Hos fleire av dei eldre informantane kom ektefellene innom for å «hjelpa til» med å hugse gamle dialektord. Det at folk gjekk til og frå, tyder på at dei fleste informantane ikkje oppfatta intervjusituasjonen som stiv og formell.

Eg la opp til eit delvis strukturert intervju. Graden av struktur varierte derimot frå intervju til intervju. Eg hadde eit par informantar som var så å seie sjølvgåande og svarte på fleire spørsmål før eg rakk å stille dei. Eit par andre informantar svarte stort sett på spørsmåla eg stilte, og venta på eit nytt spørsmål, slik at intervjuia fekk ein tydelegare struktur. Sjølv om intervjuia i praksis vart ganske ulike, var tematikken i intervjuia den same, og eg meiner ein kan samanlikne svara med kvarandre.

For å syte for at eg fekk samanliknbare svar frå informantane, og for at eg skulle få med alle temaa eg var interessert i å undersøke, brukte eg ein intervjuguide (sjå *vedlegg 3*). Intervjuguiden var, med unntak av eit par spørsmål, lik for alle informantane. Intervjuguiden hadde ein dramaturgi i tråd med Thagaard (2002: 94), der det var lagt opp til spørsmål om nøytrale emne i starten, og meir emosjonelt lada spørsmål etter kvart. Intervjuguiden var delt opp i hovudområda *biografi*, *om Løten*, *om løtendialekta* og *haldningar til dialekt*. Det var til ein viss grad glidande overgangar mellom hovudområda.

Nokre av spørsmåla i intervjuguiden tok utgangspunkt i noko konkret, medan andre spørsmål var heller uspesifiserte. Sjølv om eg stilte uspesifiserte spørsmål, fekk eg relevante og konkrete svar frå dei vaksne informantane. Det er derimot verdt å reflektere over om dei yngste informantane hadde opna seg opp meir og svart meir konkret dersom fleire av spørsmåla mine i større grad tok utgangspunkt i noko konkret. Særleg den eine av dei to unge

svarte ofte «eg veit ikkje», som kan tyde på at han ikkje heilt forstod spørsmåla, meir enn at han ikkje hadde noko svar.

Eg opplevde at særleg dei eldste informantane tidvis forsøkte å svare slik dei trudde eg ønskte at dei skulle svare. Det trur eg kan vere fordi dei hadde sett føre seg at eg skulle stille andre spørsmål enn eg gjorde. Eg forstod at dei hadde ei oppfatning av at eg intervjuar dei for å samle gamle dialektord. Det kom til uttrykk både gjennom at dei av og til brukte ord og uttrykk eg trur dei ikkje ville ha brukt elles, og gjennom at dei beint fram lista opp dialektord frå Løten som er lite brukt i dag. For å unngå slike misforståingar, kunne eg nok med fordel ha gitt meir informasjon om studien min på førehand.

Eg brukte bandopptakar og telefonen til å ta opp intervjuar, og noterte ingenting undervegs. Ulempa med å ha ein bandopptakar ståande framme under intervjuet er at det kan gi eit formelt preg (Thagaard, 2002: 97). Fordelen er likevel at heile intervjuet blir lagra og at ein kan høyre det om att og om att. Det er heilt naudsynt når ein i tillegg til å undersøke *kva* informantane seier, skal undersøke *korleis* dei seier det.

For å analysere dataa har eg høyrte gjennom alle intervjuar i sin heilskap tre gongar: Ein gong med hovudfokus på korleis informantane brukte språket, ein gong med hovudfokus på korleis eg brukte språket, og ein gong med fokus på innhaldet i utsegna til informantane. I tillegg har eg høyrte enkelte sekvensar frå intervjuar fleire gongar. Medan eg høyrde intervjuar, noterte eg språklege funn i eit skjema som liknar tabellane eg bruker i analysen for å framstille språklege funn (*tabell 1, tabell 2, tabell 3 og tabell 4*), i tillegg til at eg noterte utsegn med særleg interessant innhald. Eg har forsøkt å finne nok belegg for å kunne seie kva dialekttrekk informantane bruker som hovudregel, og eg har notert unntak. Det er sjølvsagt fare for at eg har gått glipp enkelte belegg på språkbruk når eg har analysert det på denne måten. Å transkribere alle intervjuar i sin heilskap, for deretter å studere dialekttrekka til informantane, ville derimot ha vore alt for tidkrevjande. Eg meiner måten eg har gjort det på tener oppgåva betre.

Eg har valt å transkribere nært opp mot skriftspråket når eg framstiller munnleg språkstoff i skrift. Unntaka er at eg bruker teiknet  $\text{ɾ}$  frå det internasjonale fonetiske alfabetet, IPA, for å markere retrofleks flap, eller tjukk *l*, dei gongane er meiner det er relevant. Ved eitt høve bruker eg IPA-teiknet  $\text{ŋ}$ . Eg markerer ikkje stumme konsonantar i utlyd, med utgangspunkt i skriftspråket. Ordet *bordet* uttalt på tradisjonell løtendialekt, ville eg til dømes ha transkribert

## Metode

som *boɾe*, utan den stumme *t*-en. Eg markerer ikkje trykk med mindre det er relevant, som når eg tek føre meg den språklege variabelen trykk i importord. Då markerer eg stavinga som har hovudtrykk, med teiknet ‘, som i ‘*bannan*, i tråd med IPA. Når eg siterer informantar, og det er innhaldet og ikkje språktrekk eg vil ha fram, skriv eg sitatet på nynorsk.



## 5 Analyse

Eg har intervjuar i alt seks personar henta frå tre generasjonar i to familiar busett i Løten. I dette underkapitlet skal eg presentere informantane og dei språklege funna eg har gjort i intervjuar. Eg tek føre meg familie for familie, og startar med familien som eg har gitt namn som startar på O: Bestefar Ove, sonen hans, Otto, og sonen hans, Ole. Deretter presenterer eg familien eg har gitt namn som startar på M: Bestefar Magne, dottera hans, Mona, og dottera hennar, Mia.

Med utgangspunkt i dei språklege variablane eg skildra i 2.2 *Løtendialekta*, har eg undersøkt korleis informantane bruker språket i intervjuar eg har gjort med dei. Sidan eg bruker ei tradisjonell løtendialekt som utgangspunkt, omtaler eg språktrekk som vik frå denne varietetten, som *modifiseringar*. Dei språklege funna er uttrykt i tabellar, *tabell 1* for dei språklege funna til familien O, og *tabell 2* for dei språklege funna til familien M. Under punkt 5.6 *Mitt eige språk i intervjuar* ser eg på min eigen språkbruk i intervjuar. Dette er òg uttrykt i tabellar: *Tabell 3* og *tabell 4*.

Vidare i analysen vil eg samanlikne dei språklege funna. I samanlikninga vil eg sjå på korleis dialekta har endra seg frå generasjon til generasjon, i tillegg til at eg vil sjå på eventuelle skilnadar mellom dei to familiane. Eg vil ta utgangspunkt i desse funna, i tillegg til tidlegare forskning, når eg seinare i analysen drøfter om endringane er eit uttrykk for språkending eller språkskifte. Til slutt i analysen drøftar eg bakgrunnen for dialektendingane, under underoverskriftene 5.10.1. *Språk og status* og 5.10.2 *Språk som identitetsmarkør*.

### 5.1 Teiknforklaring til tabellane

Dei språklege funna er framstilt i tabellar. Dei språklege variablane eg har undersøkt, er lista opp vertikalt, og informantane står horisontalt. For kvar informant er det to kolonnar: Ein kolonne for tradisjonelle dialekttrekk, *trad.*, og ein kolonne for modifiserte dialekttrekk, *mod.*. For å markere belegg har eg brukt X-ar i ulike variantar, i tillegg til 0, som tyder at eg ikkje har noko belegg. For å markere at eg ikkje har nok datagrunnlag til å seie noko om belegg, har eg brukt teiknet –.

Ein stor **X** i feit skrift markerer at det er det einaste eg har funne belegg på, og står alltid saman med 0, som markerer at eg ikkje har belegg av den andre varianten. Ein stor, feit **X** i kolonnen *trad.* tyder at eg berre har belegg på den tradisjonelle varianten av den aktuelle

språklege variabelen, og vil naturleg nok føre med seg ein 0 i kolonnen *mod.* Ein stor X markerer at den aktuelle varianten er hovudregelen, og står saman med ein liten x, som markerer at det finst få, men enkelte belegg på den andre varianten. I nokre høve har eg brukt to små x-ar, for å markere at det er ei relativt jamn fordeling mellom den tradisjonelle og den modifiserte varianten av eit dialekttrekk.

## 5.2 Presentasjon av familien O

Informantane i familien O er busett på to gardar ruralt i Løten. Både bestefar Ove og far Otto har vore eller er gardbrukarar, og dei gir uttrykk for ein tydeleg bondeidentitet. Elles er familien aktiv og synleg i lokalsamfunnet. Den sterke tilknyttinga til primærnæringa, ei tradisjonell næringsgrein knytt til tradisjonelle verdjar, er ei av årsakene til at eg meiner det er interessant å bruke familiemedlemmar i familien O som informantar i denne studien. Familien O uttrykker ein identitet og eit verdsett som ein gjerne assosierer med tradisjonell lokal dialekt.

### 5.2.1 Ove

Ove er 78 år gammal, og har, utanom eit lite opphald utanfor bygda i samband med militæret, budd i Løten heile livet. Han har arbeidd som gardbrukar, og held fram med å hjelpe til på garden no som han er pensjonist og bur i kårboligen. Han seier han er stolt av å bu i Løten, og meiner Løten ligg sentralt og godt til mellom Hamar og Elverum. Dessutan meiner han at storleiken på Løten er god, og han skryter av gode kommunale tenester og ein sørvis folk i større kommunar kan sjå langt etter. Sjølv om han markerer ein avstand til byen, og ei stoltheit av å kome frå bygda, seier han at han er glad for at det ikkje er langt frå Løten til byen.

Når Ove skal plassere dialekta si på ein skala frå 1 til 10, der 1 representerer eit bokmålsnært talemål, med få lokale tradisjonelle dialekttrekk, og 10 representerer eit talemål med stor opphoping av lokale, tradisjonelle dialekttrekk, plasserer han seg sjølv på 5. Han meiner sjølv at han pratar løtendialekt, men at dialekta er modifisert og lite tradisjonell viss han skal samanlikne med det han kallar for «den gamle løtendialekta». Likevel synest han at han pratar ganske likt andre løtensokningar på same alder som bur ute på bygda. Folk på hans alder som bur i sentrum, meiner han derimot at har «gått vidare», og pratar ei dialekt med færre tradisjonelle dialekttrekk. Med andre ord observerer han at han er av dei i Løten som har mest tradisjonell dialekt, men han har eit bilete av ei endå meir tradisjonell dialekt, ei slags idealdialekt, som han ikkje når opp til.

Ove trur at han prata meir tradisjonell dialekt tidlegare i livet. Han har ikkje noko minne om at foreldra hans prata meir tradisjonelt enn han sjølv. Ein annan ting som tyder på at dialekta til Ove har endra seg, er dialekta hans samanlikna med dialekta til systema. Systema har budd i utlandet sidan ho var ganske ung, og har på mange måtar vore skjerna for språkpåverknaden han og andre i Noreg har vore utsett for. Ove seier ho har mange ord som ikkje er i bruk av han eller andre løyensokningar i dag. Ove reflekterer over årsakene til at dialektendringa, både hos han og generelt i Løten, går «nærmare riksmål», som han seier, og han trur at ei årsak kan vere at folk justerer dialekta for å bli forstått. Seinare seier han at løyendialekta må vere ganske grei å forstå, samanlikna med dialekter i Sogn, til dømes. Han foreslår at det kanskje er slik at folk ikkje *vil* forstå løyendialekta, heller enn at dei ikkje *kan*.

### 5.2.2 Otto

Otto, sonen til Ove, er 48 år gammal. Med unntak av militærtjeneste og eit par år med vekependling mellom Løten og ein annan plass i innlandet, har han budd i Løten heile livet. Begge foreldra hans er frå Hedmarken. Otto er gardbrukar på deltid, og er av bøndene i bygda som satsar på gardsdrifta. I tillegg arbeider han med opplæring i kommunar på Innlandet. Han har tidlegare hatt ein sentral rolle i lokalpolitikken i Løten. Otto uttrykker stoltheit over å vere frå Løten, og han seier han tykkjer det er fint å bu der. Han har i det heile vanskeleg for å kome på noko som helst negativt med Løten.

Otto understreker fleire gongar at han ikkje gjer medvitne val når han pratar dialekt, det er berre «det naturlege språket». Han tykkjer det er vanskeleg å peike på særtrekk i dialekta, språktrekk som skil løyendialekta frå andre dialekter. Det trur han gjer at han ikkje er i stand til å variere dialekta etter kven han pratar med. Seinare slår han fast at han i alle fall sjølv meiner han pratar løyendialekt, heilt oppe mellom 8 og 9 på ein skala frå 1 til 10. Han synest han pratar ganske likt andre på hans alder som er oppvaksne i Løten. Han seier at folk legg merke til dialektbruken, særleg når han er på jobb møte i Oslo, og at han får mange positive reaksjonar frå andre. Han får berre skryt for at han pratar løyendialekt.

Otto seier at dialekta er i konstant endring, og han er klar over at han pratar «meir avslipe» enn bestemora si. Han trur at folk blir utsett for påverknad frå til dømes TV, og at det gjer at utviklinga går mot det han kallar «meir riksmål». Han har derimot ikkje noko særleg medvite forhold til det, og kan ikkje kome på om ungane hans pratar meir eller mindre tradisjonell løyendialekt enn han sjølv. Under intervjuet med sonen Ole, der Otto sjølv var til stades, la likevel Otto godt merke til, og blei nesten overraska av at Ole sa *ikke*, og ikkje *itte*. «Du seier

eigentlich *ikke*? Har du lært det i barnehagen, eller?».

### 5.2.3 Ole

Sonen til Otto, Ole, er 12 år gammel, og har budd i Løten heile livet. Begge foreldra er frå Hedmarken. Ole går i sjuande klasse på ein skule i Løten som ligg ruralt til. Han liker å spele data, og han er aktiv i fleire idrettsgreiner. Han veit ikkje heilt kva han vil jobbe med i framtida, men han ser føre seg å bu i Løten.

Om dialekta si seier Ole at han pratar «litt forskjellig, litt Løten og litt bokmål, på ein måte». Han meiner dialekta hans ligg rundt 4 og 5 på ein skala frå 1 til 10, om lag som bestefar Ove, og at han pratar ganske likt folk i Løten som er på hans alder. Han kjenner ingen på sin alder som pratar det han kallar for «skikkeleg dialekt», slik som bestefaren og faren pratar. Likevel kan han nesten alltid forstå kva faren og bestefaren seier, det er ganske sjeldan at dei bruker ord han ikkje forstår. Ole trur ikkje han varierer dialekta etter kven han pratar med, men at han pratar ei slags blanding mellom tradisjonell løtendialekt og eit bokmålsnært talemål uansett.

## 5.3 Språklege funn hos familien O

### 5.3.1 Ove

Ove har jamt over veldig få modifiseringar frå dialekttrekka eg har valt å sjå på i denne studien. Han har mange belegg på at han berre bruker den tradisjonelle varianten av ulike dialekttrekk, og få kryss i kolonnen for modifiserte dialekttrekk jamfør *tabell 1*.

#### *Pronomen, nektingsadverb og spørjeord*

Han bruker pronomena *je* og *domm* konsekvent, og han bruker nektingsadverbet *itte*. Eg finn eit lite unntak for det siste i ein slags replikk, der han hermar etter ein byråkrat, og bruker *ikke* i staden for *itte*. Han bruker nesten alltid spørjeord på *å*, men eg finn eitt tilfelle der han seier *vorfår* (nn. *kvifor*).

#### *Jamvekt og bøyingsystem*

Funna mine syner at han følgjer jamvektssystemet nesten utan unntak: Han seier *plukke* og *prate*, men *tala* og *gjøra*. Han har «slapp *e*» som fortidsending i *a*-verb som var langstava i norrønt: han seier *har mobbe* og *har forandre*. Eg finn berre eitt døme på at han har *a*-ending i staden for «slapp *e*», når han seier *har slutta* i staden for *har slutte*. Han bøyer alltid sterke verb slik at dei blir einstava i presens, han seier til dømes *kjæm* og *ligg* i presens for verba *å*

*kome* og *å ligge*. Svake verb bøyer han slik at dei får r-bortfall i presens, som *hette* (nn. *heiter*), *skjønne* og *jævne* (nn. *jamnar*).

Stort sett følgjer Ove bøyingsmønsteret for substantiv i det tradisjonelle løtendialekta, slik at hokjønnsst substantiv får *a*-ending i eintal, som *utviklinga*, og *-n* i fleirtal, som *systemen* (nn. *systemene*). Hankjønnsst substantiv får *-a* i fleirtal, som *grisa*. Eg legg derimot merke til at Ove har nokre bøyingsendingar som bryt med den tradisjonelle løtendialekta. På eit tidspunkt seier han *utskiftelsene*. Etter bøyingsmønsteret i løtendialekta skulle *utskiftelse* ha fått *n*-ending i fleirtal viss det er eit hokjønnsord, og *a*-ending viss det er eit hankjønnsord. Endinga *-ene* er ikkje vanleg i tradisjonell løtendialekt. Eit liknande interessant funn er at Ove seier *skuffet* og *vellykket*, der ein i den tradisjonelle løtendialekta ville ha hatt ein «slapp *e*» som ending.

#### *Tjukk l og trykk på første staving*

Han har tjukk *l* både for historisk *l* og historisk *rð*, men eg registrerer at han seier *Solør* utan tjukk *l*. I importord har han alltid trykket på første staving, han seier *'Dakota* og *'byråkrati*.

#### *Monoftong og senking*

Han har monoftongering, og seier *røke* og *rese* og ikkje *røyke* og *reise*. I tillegg er det eit tilfelle der han sjølv nemner monoftongeringa i *stør* og *mør* (nn. *staur* og *maur*) som særlege for løtendialekta. I intervjuet finn eg eitt døme på at han diftongerer der ein i den tradisjonelle løtendialekta ville ha hatt monoftong, når han seier *fornøyd* og ikkje *fornøgd*. Eg finn ingen avvik frå senkingssystemet: Han seier til dømes *tel* i staden for *til* og *rætt* i staden for *rett*.

#### *Palatal segmentering og dativ*

Eg finn ingen døme på at Ove bruker dativ i intervjuet. Palatal segmentering er heller ikkje eit dialekttrekk Ove bruker i særleg grad. I funna mine er hovudregelen at han ikkje har palatal segmentering. Han seier mellom anna *mænn* og ikkje *mæinn*, og (stort sett) *hænn* og berre éin gong *hæinn*. Det er dessutan eit døme på at han seier *fæill* i staden for *fæll*.

### **5.3.2 Otto**

Otto har, som faren sin, relativt få avvik frå dialekttrekka eg har valt å sjå på. Det kjem tydeleg fram i *tabell 1*, der han har stor overvekt av kryss i kolonnen *trad*.

#### *Pronomen, nektingsadverb og spørjeord*

Han seier konsekvent *je* og *itte*, og har eitt unntak der han seier *di* i staden for *domm*. Otto bruker spørjeorda som begynner på *å*, til dømes *åkken* (nn. *kven*) og *åffer* (nn. *kvifor*), men eg finn to døme på at han seier *va* (nn. *kva*) i staden for *å*. Eg finn fleire døme på at han bruker *å*

i staden for *va*, som tyder på at han har spørjeord på *å* som regel, medan døma der han seier *va* er unntak.

#### *Jamvekt og bøyingsystem*

Han bruker jamvektssystemet slik at han seier *bruke* og *skrive*, men *sitta* og *tala*. Eg fann ingen unntak frå jamvektsregelen i intervjuet med Otto. Han har «slapp *e*» som fortidsending når han seier *har uke pendle*, *har endre* og *har pynte*. Han bøyer sterke verb slik at dei blir einstava i presens, utan unntak. Han seier til dømes *rekk* (inf. nn. *å rekke*), *kjæm* (inf. nn. *å kome*) og *legg* (inf. nn. *å legge*). Svake verb får som hovudregel *r*-bortfall i presens, slik at han seier *høre*, *bruke*, *arbe* og *tenkje* i presens, men han har enkelte døme der han har *r*-ending, som i *trener* og *parter*.

Otto bøyer substantiv i hankjønn slik at dei får *a*-ending i fleirtal, i tråd med den tradisjonelle løtendialekta. Hokjønnssubstantiv får *n*-ending i fleirtal, som *bøkn*, og dei får stort sett *a*-ending i eintal, som *avisa*, i tråd med den tradisjonelle dialekta. Det er eitt døme på at Otto bøyer eit hokjønnssubstantiv slik at det får *en*-ending i fleirtal, då han seier *tilpasningen*. Dette er ei tydeleg modifisering frå den tradisjonelle dialekta. På same måte har Otto eit avvik frå den tradisjonelle løtendialekta når han har *et*-ending i adjektivet *avslepet*, der ein i tradisjonell løtendialekt heller ville ha sagt *avslepi* eller *avslepen*, eller kanskje *taslepi* eller *taslepen*.

#### *Tjukk l og trykk på første staving*

Otto bruker tjukk *l* både i ord med historisk *l* og i ord med historisk *rð*, men eg finn unntak: Han uttaler både *tale* (substantiv) og *talefeil* utan tjukk *l*. Det nærliggande verbet *å taya* (nn. *tale*) uttaler han likevel med tjukk *l*. Han har nesten alltid trykket på første staving i importord: Han seier til dømes *'miltære* og *'sentralt*, men har eitt unntak frå dette dialekttrekket då han seier *interesseorganisasjon*.

#### *Monoftong og senking*

Otto har monoftong, han seier til dømes *trege* i staden for *treige*, men har eitt tilfelle der han seier *underveis*, der en i tradisjonell løtendialekt ville ha monoftongert og sagt *undervegs*. Han bruker senkingssystemet, og seier til dømes *press* og *læsa* med *æ* og ikkje *e*. Unntaket for denne regelen er at han konsekvent uttaler *veldi* (nn. *veldig*) med *e*, og ikkje *æ*.

#### *Palatal segmentering og dativ*

Eg finn ingen døme på palatal segmentering i intervjuet med Otto. Eg finn derimot eit døme

på bruk av dativ: Otto snakkar om folk *frå Skogbygden* og *frå Nordbygden*, der ein, om ein ikkje har dativ, ville ha sagt *frå Skogbygda* og *frå Nordbygda*. I intervjuet med Otto er det derimot veldig mange døme på at han ikkje bruker dativ der ein med særst utprega tradisjonell løtendialekt ville ha gjort det, og det er ingenting som tyder på at han har dativssystemet intakt, og at *frå Skogbygden* og *frå Nordbygden* er stivna dativsformer. Eit konkret døme er at han seinare i intervjuet ikkje har dativ etter preposisjonen *frå* då han seier *frå Helgøya*.

### 5.3.3 Ole

I intervjuet med Ole fekk eg ikkje nok belegg for å kunne seie noko om han følgjer jamvektssystemet eller ikkje. Eg fann heller ikkje døme på pronomen i tredjeperson fleirtal. Dette kjem fram i tabellen ved at eg har markert fleire rutar med teiknet –. Det er generelt få belegg på dei fleste dialekttrekka i intervjuet med Ole, og det er i fleire tilfelle for få belegg til å generalisere og seie noko om dialektbruken hans utover intervjuet.

#### *Pronomen, nektingsadverb og spørjeord*

Som førstepersonspronomen varierer Ole mellom den tradisjonelle varianten *je* og ein trykklett variant av den modifiserte *jæi*, ein slags *jæ*. Han bruker konsekvent *ikke* som nektingsadverb. Eg fann ingen døme på at han brukte spørjeord på *å*, men det er døme på at han seier *vor*.

#### *Bøyingsssystem*

Eg fann eitt døme på at Ole seier *kommer*, som tyder på at han ikkje bøyer alle sterke verb slik at dei blir einstava i presens. Svake verb får ikkje *r*-bortfall i presens som i den tradisjonelle løtendialekta, men han seier til dømes *speller*, *sykler* og *tenker*. I intervjuet er det døme på at substantiv i hankjønn bøygd i fleirtal og substantiv i hokjønn bøygd i eintal får *a*-ending, slik at han seier *vega* (nn. *vegane*) og *klassa*. Eg fann ingen belegg på hokjønnsubstantiv bøygd i fleirtal.

#### *Tjukk l og trykk på første staving*

Ole bruker tjukk *l* for historisk *l*, men ikkje for historisk *rð*. Han seier både *jore* (nn. *jorde*) og *or* (nn. *ord*). Han uttaler *'spesielt* med trykk på første staving, som tyder på at han legg trykket på første staving i nokre importord.

#### *Monoftong og senking*

Han har monoftong, og seier både *vet*, *vegen* og *breere*, i staden for *veit*, *veien* og *breiere*. Når det gjeld senking, er Ole ganske inkonsekvent. Eg har registrert at han seier *speller*, med

senking, éin gong, og at han seier *spiller*, utan senking, tre gongar. Derimot uttaler han både *trøining*, *mæst* og *fæm* med senking.

*Palatal segmentering og dativ*

Det er ingen belegg på palatal segmentering eller dativ i intervjuet med Ole.

**5.3.4 Tabell 1: Språklege funn for familien O**

	Ove Eldst		Otto Nest eldst		Ole Yngst	
	Trad.	Mod.	Trad.	Mod.	Trad.	Mod.
Jamvekt, infinitiv	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	-	-
Fortidsending	<b>X</b>	x	<b>X</b>	0	-	-
Spørreord	<b>X</b>	x	<b>X</b>	x	0	<b>X</b>
Tjukk <i>l</i> for <i>l</i>	<b>X</b>	x	<b>X</b>	x	<b>X</b>	0
Tjukk <i>l</i> for <i>rð</i>	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	0	<b>X</b>
<i>1. pers. pronom</i>	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	x	x
<i>Nektingsadverb</i>	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	0	<b>X</b>
<i>3. pers. pronom</i>	<b>X</b>	0	<b>X</b>	x	-	-
Sterke verb i presens	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	0	<b>X</b>
Svake verb i presens	<b>X</b>	0	<b>X</b>	x	0	<b>X</b>
Bøying av subst. f	<b>X</b>	0	<b>X</b>	x	<b>X</b>	0
Bøying av subst. m	<b>X</b>	x	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0
Trykk	<b>X</b>	0	<b>X</b>	x	<b>X</b>	0
Senking	<b>X</b>	0	<b>X</b>	x	<b>X</b>	x
Monoftongering	<b>X</b>	x	<b>X</b>	x	<b>X</b>	0
Dativ	0	<b>X</b>	x	<b>X</b>	0	<b>X</b>
Palatal segmentering	x	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>



## 5.4 Presentasjon av familien M

Familien M høyrer til på Ådalsbruk, det gamle industriområdet sør for Løten sentrum. Dei bur i eit byggefelt, og har inga tilknytning til gardsdrift. Noko av bakgrunnen for valet av denne familien som informantar, var at dei skil seg frå familien O ved å bu mindre ruralt og meir sentralt. Med større avstand til dei tradisjonelle næringane, og meir tilknytning til det moderne, kan ein assosiere familien med kvaliteter ein assosierer med mindre utprega tradisjonell dialekt.

### 5.4.1 Magne

Magne er 82 år gammal. Han har vore mykje rundt på Austlandet i samband med jobb, han har til dømes jobba i Oslo. Derimot har han alltid hatt postadresse i Løten. Begge foreldra hans er frå Hedmarken. No er han pensjonist, og kvardagen går mest i å vere «husmor», som han seier. Magne bur på Ådalsbruk. Han er stolt av å vere frå Løten, og kanskje endå meir stolt av å vere frå Ådalsbruk. Han taler med tilsvarende vanvyrnad om Hamar, han kunne aldri tenke seg å bu der.

Magne meiner han ikkje pratar ordentleg løtendialekt lengre, men han prøver. Han plasserer dialekta si mellom 6 og 7 på ein skala frå 1 til 10. I oppveksten meiner han at han og folk på hans alder «prata slik som vi skal prate», altså at dei prata tradisjonell dialekt. Han kan ikkje hugse at han prata noka mindre tradisjonell dialekt enn foreldra sine. Då han fekk jobb i Oslo, opplevde han problem på grunn av dialektbruken sin. Han fortel at han nærmast blei gjort til narr på grunn av løtendialekta av kollegar og av folk han ringte til i samband med jobben. Han hadde eit par kollegar som oppmoda han til å halde på dialekta, så han forsøkte så godt han kunne å gjere det, til trass for motstand. Etter mange år med jobbing rundt på Austlandet meiner Magne likevel at dialekta hans er mindre tradisjonell enn tidlegare. Han prøver å halde på «det gamle språket», som han kallar det, og gir inntrykk av at han ser på ei arkaisk løtendialekt som ei slags idealdialekt.

Magne uttrykker frustrasjon over at det tydelegvis er noko spesielt ved flatbygdsmål som gjer at det «ikkje er lov å bruke». Han meiner det er for dumt at til dømes setesdalsmål, som er mykje vanskelegare å forstå enn løtendialekta, er heilt akseptert å bruke i offentlegheita, medan folk frå flatbygdene må legge om dialekta si. Han kan ikkje forstå kvifor det er slik, og det ser ut til at han opplever det som veldig urettferdig.

### 5.4.2 Mona

Mona, dottera til Magne, er 49 år gammel. Ho har vakse opp i Løten og budd mesteparten av det vaksne livet sitt i Løten, men ho budde vekke i studietida, og har budd nokre år i Hamar kommune. No bur Mona på Ådalsbruk i Løten. Begge foreldra hennar er frå Hedmark. Mona arbeider som politi og bruker fritida på å følgje opp fritidsaktivitetane til ungane. Ho tykkjer det er fint i Løten og er stolt av å vere løtensokning.

Mona seier at ho ikkje har noko særleg medvite forhold til korleis ho bruker dialekta, og i ein augeblink blir ho usikker på om ho pratar løtendialekt i det heile. Ho pratar beint fram slik det er naturleg å prate, meiner ho. Ho trur ho pratar «litt løtensk», som ho seier, i alle fall 8 på ein skala frå 1 til 10, og ganske likt andre løtensokningar på hennar alder. Det hender at ho bruker lokale ord og uttrykk som andre ikkje forstår, og ho har vore tvinga til å kutte ut slike ord og uttrykk i jobbsamheng. Ho trur ho hadde ei meir tradisjonell dialekt før, men at ho har blitt modifisert, kanskje på grunn av jobben. Mona fortel at ho i jobben som politi, ofte er i situasjonar der det er viktig at det ho seier blir forstått rett. Då kan dialekta vere eit hinder, særleg i møte med folk som ikkje har norsk som morsmål.

Mona trur at dialekta blir nivellert, heilt umedvite, og at mange gamle ord og uttrykk forsvinn i dagleg tale. På same måte som ho bruker ord og uttrykk som yngre ikkje forstår, trur ho at eldre folk i Løten har mange ord og uttrykk som ho sjølv ikkje bruker. Dessutan trur ho at ungdommen legg vekk dialekta fordi dei ikkje ønskjer å skilje seg ut.

### 5.4.3 Mia

Mia, dottera til Mona, er 15 år gammel og har budd i Løten heile livet. Begge foreldra hennar er frå Hedmarken. Ho går i tiande klasse på ungdomsskulen og er aktiv innan fleire idrettsgreiner på fritida. Ho vil kanskje satse på idretten, og dersom det ikkje går, vil ho bli tv-reporter eller fysioterapeut når ho veks opp. Ho trur ikkje ho har lyst til å bu i Løten i framtida, men ser heller føre seg å flytte til ein litt større plass, som Hamar eller Elverum. Når folk utanfrå spør kor Mia er frå, svarer ho at ho kjem frå Hamar, eller at ho kjem frå rett utanfor Hamar, fordi folk ikkje veit kor Løten er. Ho har ingenting imot å bu i Løten, men trur kanskje det blir litt for lite etter kvart.

Mia meiner ho ikkje pratar løtendialekt, men at ho kanskje bruker nokre ord innimellom. På ein skala frå 1 til 10 plasserer ho dialekta si ein stad mellom 3 og 4. Ho trur kanskje ho prata litt meir tradisjonelt før ho begynte på skulen. Mia seier ho pratar ganske likt andre på sin alder, bortsett frå nokre få som pratar nesten like tradisjonelt som mor Mona. Derimot er det

ganske vanleg, seier Mia, at folk på hennar alder bruker tradisjonelle dialektuttrykk som *kakuskive* (nn. *brødiskive*) som eit humoristisk verkemiddel, særleg i samtale med folk frå Hamar. Mia seier dei ikkje gjer det for å markere avstand frå hamarsingane, men heller fordi hamarsingane tykkjer det er morosamt å høyre på.

## 5.5 Språklege funn hos familien M

### 5.5.1 Magne

Magne har få modifiseringar frå dei språklege variablane eg har undersøkt.

#### *Pronomen, nektingsadverb og spørjeord*

Under intervjuet er Magne heilt konsekvent i bruken av pronomena *je* og *domm* og nektingsadverbet *itte*. Magne bruker som hovudregel spørjeord som startar på *å*, men eg finn to tilfelle av at han seier *va* i staden for *å*.

#### *Jamvekt og bøyingsystem*

Han følgjer jamvektssystemet, han seier til dømes *spørja*, *jøra* (nn. *gjere*) og *vara*, men *slutte*, *prate* og *bruke*. Eg finn nokre få unntak frå jamvektssystemet, då han seier *å leve* og *å prata* i staden for *å leva* og *å prate*. Han har «slapp *e*» som fortidsending i til dømes *har påvirke*, *har knote*, *har forske* og *har erte*, men har unntak der han seier *har kutta* i staden for *har kutte*. Magne bøyer sterke verb slik at dei blir einstava i presens, han seier *kjæm*, *legg* og *dreg*. Svake verb får som hovudregel *r*-bortfall i presens, som når han seier *skjønne*, *irritere* og *prate*, men det finst unntak, som når han seier *savner*. Han følgjer det tradisjonelle bøyingsmønsteret for substantiv, og har *a*-ending for hankjønnsst substantiv i fleirtal, til dømes *eleva* og *totninga*, *a*-ending for hokjønnsst substantiv i eintal, til dømes *grensa*, og dei får *n*-ending i fleirtal, som *jintn*. Som både Ove og Otto har Magne eit avvik frå tradisjonelle løtendialekta når han bøyer enkelte adjektiv: Han seier på eit tidspunkt *avrundet*, der ein med det tradisjonelle bøyingsystemet ville ha sagt *avrunde* med ein «slapp *e*» som ending.

#### *Tjukk l og trykk på første staving*

Han bruker tjukk *l*, både for historisk *l* og for historisk *rð*, men har to unntak, der han ikkje har tjukk *l* i *Solør* eller i *fåtall*. Han legg konsekvent trykket på første staving i importord, og seier til dømes *'kontor*, *'presentasjon* og *'diskusjon*.

#### *Monoftong og senking*

Magne monoftongerer, og seier *reste* i staden for *reiste* og diftongerer ikkje *fornøgd*. Éin gong

bruker han diftong, når han seier *seie* i staden for *see* (nn. *seie*) i presens. Eg finn ingen unntak frå senkingssystemet, han er konsekvent og seier til dømes *tel* i staden for *til*, *væst* i staden for *vest*.

#### *Palatal segmentering og dativ*

Eg finn ingen døme på palatal segmentering i intervjuet med Magne. Eg finn derimot to døme på dativ: Han snakkar om folk på feil side *ta Mjøsen*, og om folk *oppi Åsa*, der ein utan dativ ville ha snakka om folk på feil side *ta Mjøsa* og om folk *oppi Åsen*. I intervjuet er det mange døme på at han ikkje bruker dativ der ein i tradisjonell løtendialekt ville ha brukt dativ, og det er fleire slike døme enn det er døme på dativbruk. Dette tyder på at dativsformene han bruker er stivna dativsformer.

### **5.5.2 Mona**

Mona har nokre fleire modifiseringar frå den tradisjonelle løtendialekta enn faren sin, Magne, jamfør *tabell 2*. Likevel bruker ho jamt over ei relativt tradisjonell dialekt.

#### *Pronomen, nektingsadverb og spørjeord*

Ho bruker konsekvent pronomena *je* og *domm* og nektingsadverbet *itte*, og bruker alltid spørjeord på å, som *å* og *åssen*.

#### *Jamvekt og bøyingsystem*

Mona bruker jamvekt, og har berre eitt unntak i intervjuet, då ho bruker varianten *vær* der ein med tradisjonell løtendialekt med jamvekt ville sagt *vara*. På verb i fortid har ein del modifiseringar der ho bruker *a*-ending i staden for «slapp *e*». Ho seier til dømes *knote* og *forandre*, som etter systemet, men ho seier òg *forandra*, *prata* og *sammenligna*. Det er så å seie jamn fordeling mellom tradisjonelle og modifiserte variantar.

Mona bøyer som hovudregel svake verb slik at dei får *r*-bortfall i presens, som *like*, *huske* og *prate*, men har unntak, som når ho seier *hører* med *r*-ending. Dei sterke verba bøyer ho slik at dei blir einstava i presens, slik som *trenge*, *kjæme* og *legg*. Ho følgjer det tradisjonelle bøyingsystemet for substantiv, og har *a*-ending på hankjønnsst substantiv i fleirtal, slik at ho seier *foreldra*, og på hokjønnsst substantiv i eintal, slik at ho seier *svenskegrensa*. Eg fann ingen belegg på hokjønnsst substantiv bøygd i fleirtal.

#### *Tjukk l og trykk på første staving*

Mona har tjukk *l*, både for historisk *l* og for historisk *rð*. Som hovudregel legg ho trykket på første staving i importord, ho seier *'kultur*, *'lokalsamfunn* og *'interesser*, men har eit unntak

der ho seier *poli'ti*.

#### *Monoftong og senking*

Ho har monoftong, og seier til dømes *mene* (nn. *meiner*) og *see* (nn. *seier*), men det er dømme i intervjuet på at ho bruker diftong, som i *breiere* og *vei*. Eg fann fleire dømme på at Mona følgjer senkingssystemet, ho seier til dømes *fløtter* i staden for *flytter*, og på eit tidspunkt seier ho *tel* i staden for *til*. Seinare seier ho derimot *til*, utan senking, og ho har ikkje senking når ho uttaler *veldi*.

#### *Palatal segmentering og dativ*

Eg fann ingen dømme på verken palatal segmentering eller dativ.

### 5.5.3 Mia

#### *Pronomen, nektingsadverb og spørjeord*

Ho bruker dei modifiserte variantane *jæi* og *jæ* som førstepersonspronomen i eintal, og *di* i tredjeperson fleirtal. Ho bruker *ikke* som nektingsadverb. Ho bruker konsekvent ikkje spørjeord på *å*, men bruker modifiserte spørjeord som *vor*, *va* og *vordan*.

#### *Jamvekt og bøyingsystem*

Mia følgjer ikkje jamvektssystemet, men seier *å spørre*, *å jøre* og *å komme*. Ho bruker fortidsformene *har slutta* og *har påvirka* med *a*-ending og ikkje den tradisjonelle varianten med «slapp *e*». Mia bøyer ikkje sterke verb slik at dei blir einstava i presens, men seier *kommer* og *driver* i staden for *kjæm* og *driv*, og har ikkje *r*-bortfall på svake verb i presens, slik at ho seier *spiller*, *pleier* og *snakker*. Hankjønnsord bøyer ho slik at dei ender på *-ene* i fleirtal, og ikkje *-a*, som i tradisjonell løtendialekt. Ho seier *kampene*, *foreldrene* og *tradisjonene*. Hokjønns substantiv i eintal, derimot, får *a*-ending, som *klassa* og *kirka*. Eg finn ingen belegg på hokjønns substantiv i fleirtal.

#### *Tjukk l og trykk på første staving*

Ho er inkonsekvent i bruken av tjukk *l*. Det er dømme på at ho ikkje har tjukk *l*, verken for historisk *l* (ho seier *uttale* og *spørsmål* utan tjukk *l*), eller for historisk *rð* (ho uttaler *or*, for *ord*, utan tjukk *l*). Stadnamnet Elverum uttaler ho med tjukk *l*. Dessutan har ho retrofleks ved «underliggende» tjukk *l*, ho uttaler til dømes *ungdomsskulen* som *ungdomsskooŋ*. Ho har heller ikkje trykket på første staving i importord, ho seier til dømes *sen'tralt* og *na'turlig*.

### *Monoftong og senking*

Dei einaste to døma som eg kan finne på tradisjonelle dialekttrekk i talemålet til Mia, er døme på monoftong og eitt tilfelle av senking. Mia seier *vet* i staden for *veit*, og *breere* (nn. *breiare*) under intervjuet. Seinare i intervjuet bruker ho diftong i det same ordet når ho seier *breiere*. Å seie at Mia har senkingssystemet intakt, er utan tvil å overdrive: Ho seier *trener* (verb), *femten* og *spilte*, der ein tradisjonell dialektbrukar villa ha sagt *træner*, *fæmten* og *spelte*. Stadnamnet *Ærørum* uttaler ho derimot med *æ*, som er eit døme på senking.

### *Palatal segmentering og dativ*

Det er ingen døme på palatal segmentering eller dativ i intervjuet med Mia.

## 5.5.4 Tabell 2: Språklege funn for familien M

	Magne Eldst		Mona Nest eldst		Mia Yngst	
	Trad.	Mod.	Trad.	Mod.	Trad.	Mod.
Jamvekt, infinitiv	<b>X</b>	x	<b>X</b>	x	0	<b>X</b>
Fortidsending	<b>X</b>	x	x	x	0	<b>X</b>
Spørreord	<b>X</b>	x	<b>X</b>	0	0	<b>X</b>
Tjukk <i>l</i> for <i>l</i>	<b>X</b>	x	<b>X</b>	0	x	x
Tjukk <i>l</i> for <i>rð</i>	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	0	<b>X</b>
1. pers. pronomem	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	0	<b>X</b>
Nektingsadverb	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	0	<b>X</b>
3. pers. pronomem	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	0	<b>X</b>
Sterke verb i presens	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	0	<b>X</b>
Svake verb i presens	<b>X</b>	x	<b>X</b>	x	0	<b>X</b>
Bøying av subst. f	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0
Bøying av subst. m	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	0	<b>X</b>
Trykk	<b>X</b>	x	<b>X</b>	x	0	<b>X</b>
Senking	<b>X</b>	0	<b>X</b>	x	x	<b>X</b>
Monoftongering	<b>X</b>	x	<b>X</b>	x	<b>X</b>	x
Dativ	x	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>
Palatal segmentering	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>

## 5.6 Mitt eige språk i intervju

Den språklege tilpassingsteorien søker å forstå årsaka til og forklare korleis språkbrukarar varierer talemålet etter til dømes kven vi pratar med (Giles og Smith, 1979: 45). Det handlar i hovudsak om to ulike strategiar: å konvergere, eller å divergere. Når ein konvergerer, nærmar ein seg samtalepartnaren i måten å prate, medan ein opprettheld eller aukar den språklege skilnaden til samtalepartnaren når ein divergerer (Giles og Smith, 1979: 46). I intervju kan både eg ha tilpassa meg talemålet til informantane, og informantane kan ha tilpassa seg talemålet mitt. Informantane kan ha tilpassa seg meg ved å prate meir tradisjonell dialekt enn dei elles ville ha gjort. Det kan dei gjere for å markere lokal tilhøyrse, fordi dei veit at eg er lokal, og fordi dei er medvitne at eg pratar med dei for å undersøke nettopp dialekta deira. På den andre sida kan det òg vere at det oppstår ein sosial asymmetri i intervjusituasjonen på grunn av statusen eg får i kraft av å vere student frå universitetet med bandopptakar, som kan resultere i at informantane divergerer frå den lokale dialekta.

På same måte kan eg ha tilpassa meg informantane når eg har intervju dei. Eg kan ha prata ei meir tradisjonell dialekt enn elles for å markere at eg er lokal, og for å skape nærleik til informantane med tradisjonell løtendialekt. Sidan det er variasjon mellom informantane i korleis dei bruker dialekta, er det interessant å studere om eg varierer og korleis eg eventuelt konvergerer etter kven av informantane eg pratar med.

Når eg undersøker dialekttrekka mine frå intervju, finn eg enkelte skilnadar i korleis eg bruker visse dialekttrekk avhengig av kven eg snakkar med. Det er derimot ikkje snakk om store skilnadar, som ein kan sjå i *tabell 3* og *tabell 4*.

### *Pronomen, nektingsadverb og spørjeord*

Som Ole, varierer eg mellom det tradisjonelle pronomenet *je*, og ein slags modifisert, trykklett *jæ*. Eg bruker tredjepersonspronomenet *domm*, og eg bruker berre nektingsadverbet *ikke*. Når det gjeld spørjeorda, kan det sjå ut til at eg er konsekvent inkonsekvent. Eg seier både *å* og *va* i same intervju, og både *åhenn* og *vor*, *vorfår* og *åffer*. Jamt over er eg rimeleg konsekvent i at eg bruker dei modifiserte spørjeorda *vor*, *vem* og *va* og dei tradisjonelle spørjeorda *åffer* og *åssen*. Døma der eg bruker dei tradisjonelle spørjeorda *å* og *åhenn* og det modifiserte spørjeordet *vorfår*, er unntak. Eg ser eit mønster i at eg bruker spørjeordet *å* hyppigare i samtale med informantane med flest tradisjonelle lokale dialekttrekk, det vil seie Ove, Otto, Magne og Mona. Eg bruker spørjeordet *vorfår* enkelte gongar i samtale med dei yngste informantane, Mia og Ole, som har færrest tradisjonelle lokale dialekttrekk. Denne vekslinga



kan altså vere eit uttrykk for at eg konvergerer.

#### *Jamvekt og bøyingsystem*

Eg bruker jamvektssystemet ganske konsekvent på verb i infinitiv. Eg har som hovudregel *a*-ending på *a*-verb i fortid, der ein med eit gjennomført fortidssystem ville hatt «slapp *e*» som ending. Intervjuet med bestefar Ove ser ut til å vere unntaket, der har eg fleire døme på «slapp *e*» som fortidsending, og ingen døme på *a*-ending på slike verb i fortid. Det kan dermed vere grunn til å anta at eg konvergerer i nokon grad.

Eg bøyer sterke verb slik at dei blir einstava i presens. Svake verb i presens får av og til *r*-bortfall, og av og til ikkje. Eg seier *arbe* og *pleie*, men *kjenner* og *liker*. Dei to variantane dukkar opp i alle intervju, og eg ser ikkje noko mønster i om eg oftare har *r*-bortfall i intervju med informantane med mest tradisjonell dialekt. Eg følgjer dei tradisjonelle bøyingsystema for substantiv, og har *a*-ending på hankjønnsst substantiv i fleirtal og hokjønnsst substantiv i eintal, og *n*-ending på hokjønnsst substantiv i fleirtal.

#### *Tjukk l og trykk på første staving*

Eg bruker tjukk *l*, både for historisk *l* og historisk *rð*. Eg har, med få unntak, trykket på første staving i importord, både i samtale med unge og gamle informantar.

#### *Monoftong og senking*

I dei fleste intervju har eg som hovudregel monoftong, men eg har døme på at eg bruker diftong i alle intervju. Eg har som hovudregel vokal senking, men det er ein del unntak. Det ser derimot ikkje ut til at dei modifiserte variantane opptrer hyppigare i intervju med dei yngste informantane. Eg seier til dømes *veldi*, utan senking, i intervju med Magne, som har mange tradisjonelle dialekttrekk, men *spelle*, med senking, i intervju med Ole, som på si side ikkje har særleg mange tradisjonelle dialekttrekk.

#### *Palatal segmentering og dativ*

Eg har ingen døme på palatal segmentering eller dativ.

#### *Andre funn*

Sidan eg brukte den same intervjuguiden i alle intervju, var det nødvendigvis nokre ord eg gjentok i alle intervju. Ordet *annleis* var eitt av dei. Eit interessant funn er at eg uttaler det som *ænnles* i intervju med Ove, Otto og Magne, informantane med mest utprega tradisjonell dialekt, medan eg uttaler det som *anneledes* i intervju med Mona, Mia og Ole. Dette kan tyde på at eg òg konvergerer på eit leksikalsk nivå.

Eg har elles observert at eg generelt pratar *meir* tradisjonell dialekt i alle intervjua enn eg nok gjer til vanleg i kvardagen i Trondheim. Når eg høyrer på intervjua, legg eg merke til at eg har fleire lokale dialektord og tradisjonelle dialekttrekk enn eg «trudde eg hadde». Det kan vere eit uttrykk for at eg vil markere avstand til rolla som «den urbane studenten med bandopptakar», og nærleik til det lokale, rurale og tradisjonelle.

### 5.6.1 Tabell 3: Mitt eige språk i samtale med familien O

I samtale med	Ove Eldst		Otto Nest eldst		Ole Yngst	
	Trad.	Mod.	Trad.	Mod.	Trad.	Mod.
Jamvekt, infinitiv	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0
Fortidsending	<b>X</b>	0	x	<b>X</b>	x	<b>X</b>
Spørreord	<b>X</b>	x	<b>X</b>	x	x	x
Tjukk <i>l</i> for <i>l</i>	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0
Tjukk <i>l</i> for <i>rð</i>	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0
<i>1. pers. pronom</i>	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	x	x
<i>Nektingsadverb</i>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>
<i>3. pers. pronom</i>	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0
Sterke verb i presens	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0
Svake verb i presens	x	x	x	x	x	x
Bøying av subst. f	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0
Bøying av subst. m	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0
Trykk	<b>X</b>	0	<b>X</b>	x	<b>X</b>	x
Senking	<b>X</b>	x	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0
Monoftongering	x	x	<b>X</b>	x	<b>X</b>	x
Dativ	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>
Palatal segmentering	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>

## 5.6.2 Tabell 4: Mitt eige språk i samtale med familien M

I samtale med	Magne Eldst		Mona Nest eldst		Mia Yngst	
	Trad.	Mod.	Trad.	Mod.	Trad.	Mod.
Jamvekt, infinitiv	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0
Fortidsending	x	<b>X</b>	x	<b>X</b>	x	<b>X</b>
Spørreord	x	x	x	x	x	x
Tjukk <i>l</i> for <i>l</i>	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0
Tjukk <i>l</i> for <i>rð</i>	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0
<i>1. pers. pronom</i>	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	x	x
<i>Nektingsadverb</i>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>
<i>3. pers. pronom</i>	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0
Sterke verb i presens	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0
Svake verb i presens	x	x	x	x	x	x
Bøying av subst. f	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0
Bøying av subst. m	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0
Trykk	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0
Senking	x	x	x	x	x	x
Monoftongering	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0
Dativ	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>
Palatal segmentering	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>	0	<b>X</b>

## 5.7 Samanlikning av informantane

### 5.7.1 Samanlikning av Ove og Magne: Den eldste generasjonen

Både Ove og Magne har få modifiseringar frå den tradisjonelle løtendialekta. Modifiseringane eg finn, er dessutan om lag likt fordelt mellom dei to: Dei har begge eit par tilfelle der dei bruker modifiserte spørjeord i staden for dei tradisjonelle *å*-spørjeorda, dei har begge tilfelle der dei har *a* som fortidsending i staden for «slapp *e*», og begge bruker tynn *l* for historisk *l* når dei uttaler stadnamnet Solør. Bruken av jamvekt og *r*-bortfall ved svake verb i presens skil dei to informantane. Der Ove er heilt konsekvent i bruken av jamvektssystemet, har Magne eit par unntak. På same måte har Ove konsekvent *r*-bortfall på svake verb i presens, som Magne òg har som hovudregel, men han har få unntak. I tillegg er det døme på at Ove har restar av palatal segmentering, noko Magne ikkje har. Derimot har Magne, i motsetnad til Ove, restar av dativ i dialekta si. Felles for dei begge er at dei som hovudregel bruker dei tradisjonelle dialekttrekka (bortsett frå palatal segmentering og dativ), og at modifiseringane er å rekne som unntak.

I haldningane dei uttrykker, er dei òg slåande samrøystes. Dei meiner begge at dei pratar ei modifisert dialekt, Ove plasserer seg heilt nede på ein 5-ar på ein skala frå 1 – 10, medan Magne plasserer seg mellom 6 og 7. Det er tydeleg at dei har ei særskild tradisjonell løtendialekt som idealdialekt. Dei seier dessutan at dei prata ei meir tradisjonell dialekt tidlegare i livet, men at dialekta har modifisert seg med åra.

Både Ove og Magne har observert at løtendialekta har låg status. Ove meiner at folk ikkje ønskjer å forstå dialekta, sjølv om dei er i stand til det. Magne har, til forskjell frå Ove, arbeiddd rundt omkring i landet, og har kjent statusskilnadane på kroppen. Der Ove nærast berre konstaterer at det er slik det er, uttrykker Magne sterk frustrasjon over at flatbygd målet «ikkje er lov å bruke», og han syner eit sterkt ønskje om endring.

### 5.7.2 Samanlikning av Otto og Mona: Den nest eldste generasjonen

Både Otto og Mona har nokre fleire modifiseringar frå den tradisjonelle dialekta enn fedrane sine, Ove og Magne. Det er derimot ikkje snakk om noka dramatisk endring i dialektbruken frå eldste til nest eldste generasjon. Hos Otto og Mona fordeler modifiseringane seg meir ulikt på dei forskjellige dialekttrekka enn hos fedrane. Otto har døme på bruk av modifiserte spørjeord, nokre døme på at han har tynn *l* for historisk *l*, og at han bruker det modifiserte pronomenet *di* i staden for *domm* ved eitt tilfelle. Mona bruker konsekvent tradisjonelle

spørjeord, tjukk *l* og pronomenet *domm*. Ho har derimot avvik frå jamvektssystemet, der Otto følgjer jamvektssystemet heilt konsekvent, i tillegg til at ho har fleire døme på *a*-ending på *a*-verb i fortid. Både Otto og Mona har døme der dei ikkje har trykket på første staving i importord, og begge har belegg på diftong der ein i tradisjonell løtendialekt ville ha hatt monoftong. Dessutan nyttar dei ikkje senkingssystemet like konsekvent som fedrane sine, men dei uttaler begge ordet *veldi* med *e*, og dei har døme på *r*-ending på svake verb i presens. Otto har to døme på at han har restar av dativ i dialekta si, noko Mona ikkje har. Likevel er det ingen tvil om at det i hovudsak er dei tradisjonelle dialekttrekka i løtendialekta som er regelen for både Otto og Mona, bortsett frå dei sær s tradisjonelle dialekttrekka palatal segmentering og dativ. Unntaka er fortidssystemet til Mona, der ho har relativt jamn fordeling mellom belegg på *a*-ending og «slapp *e*» som ending. Totalt sett har Otto litt fleire tradisjonelle dialekttrekk enn Mona, men skilnaden er ikkje særleg stor.

Otto og Mona uttrykker nesten identiske haldningar til Løten og til løtendialekta. Begge er stolte av å kome frå Løten, og stolte av å prate løtendialekt. Dei er nesten påfallande samrøystes når dei begge omtaler løtendialekta som «det naturlege språket», og det verkar som dei ikkje har noko særleg medvite forhold til at dei pratar dialekt. Likevel plasserer dei seg på toppen av skalaen når eg spør kor tradisjonell dialekt dei pratar: Otto mellom 8 og 9, og Mona på 8. Det er interessant at dei begge, trass i at dei har fleire modifiseringar frå den tradisjonelle dialekta, plasserer seg høgare på skalaen enn fedrane sine. Ei forklaring kan vere at dei har eit anna bilde av kva den tradisjonelle løtendialekta er, og at fedrane har lagt lista mykje høgare. Viss dei bruker dialektene til fedrane som idealdialekt, er det ikkje overraskande at dei plasserer seg nært toppen av skalaen. Både Otto og Mona bruker dialekta når dei arbeider utanfor Løten, og får positive reaksjonar på det. Mona har derimot måtte kutte ut enkelte dialektord og -uttrykk i samband med jobb, og trur det kan vere ei årsak til at ho pratar noko meir modifisert no enn før. Otto meiner han har prata like tradisjonell dialekt heile livet.

### 5.7.3 Samanlikning av Ole og Mia: Den yngste generasjonen

Det er i den yngste generasjonen eg finn dei største skilnadane, både samanlikna med dei to eldre generasjonane, og mellom dei to informantane. Ole har nokre tradisjonelle dialekttrekk i dialekta si. Han har tjukk *l* for historisk *l*, han har trykk på første staving i importord, og han nyttar til ei viss grad senkingssystemet. I motsetnad til Mia har han *a*-ending på hankjønns substantiv i fleirtal. Elles har han mange modifiserte trekk, som skil han frå dei to eldste generasjonane. Likevel har han heilt tydeleg fleire tradisjonelle dialekttrekk enn Mia,

som jamt over berre har modifiserte dialekttrekk.

Både Ole og Mia observerer at dei og jamaldringane deira pratar meir bokmålsnært enn dei eldre generasjonane. Ole plasserer dialekta si mellom 4 og 5 på ein skala frå 1 til 10, medan Mia plasserer dialekta si mellom 3 og 4. Ole seier at han bruker tradisjonelle og modifiserte dialekttrekk om kvarandre, medan Mia seier ho bruker enkelte tradisjonelle dialektord av og til, og at det hender ho bruker den tradisjonelle dialekta som eit humoristisk verkemiddel. Ole sette kanskje ord på ein tendens blant dei unge løtensokningane då han sa at «nokon pratar jo mest bokmål då, men eg trur ikkje det er nokon som pratar mest dialekt, på ein måte». Han har observert at nokre på hans alder pratar eit særst bokmålsnært talemål, medan andre har enkelte dialekttrekk. Han kjenner ikkje til jamaldringar som pratar tradisjonell dialekt, som dei eldre slektningane hans.

### **5.7.4 Skilnadar mellom familiare**

Det er ein raud tråd i denne analysen at familien O har fleire tradisjonelle dialekttrekk enn familien M har. I dei to eldste generasjonane er det rett nok snakk om minimale skilnadar, men dei er likevel verte å merke seg. I den yngste generasjonen er skilnaden stor, og representanten for familien O, Ole, har merkbart fleire tradisjonelle dialekttrekk enn representanten for familien M, Mia.

## **5.8 Samla vurdering av dialekttrekka**

I dette underkapittelet vil eg gå gjennom kvart enkelt dialekttrekk eg har undersøkt. Eg skal vurdere i kor stor grad dialekttrekka er i bruk i løtendialekta i dag, og kor sannsynleg det er at dialekttrekket blir brukt i framtida. Som grunnlag for denne vurderinga av dialekttrekka i løtendialekta, bruker eg datagrunnlaget eg har om dialektbruken til informantane, i tillegg til at min eigen intuisjon og erfaringane mine frå dei lokale forholda spelar inn.

Det er naturleg å samanlikne dei språklege funna mine med funna frå masteroppgåvene eg presenterte i kapitelet om tidlegare forskning. Holland (2001) undersøkte talemålet hos ungdom i Hamar og i Stange kommune. Langli fann allereie i 2002 at ungar frå rurale strøk i Hamar kommune, ikkje langt frå Løten, nærast hadde lagt vekk den tradisjonelle dialekta til fordel for eit bokmålsnært talemål. Haukåssveen, som undersøkte talemålet hos ungdom i Ringsaker kommune i 2014, fann stor variasjon i talemåla til ungdommane. Funna hennar synte at mange tradisjonelle dialekttrekk var på veg ut av bruk, men at det heller er snakk om

ei dialektnivellering enn eit dialektskifte.

#### *Pronomen og nektingsadverb*

Informantane frå dei to eldste generasjonane bruker konsekvent pronomena *je* i førsteperson eintal og så å seie konsekvent *domm* i tredjeperson fleirtal. Det einaste unntaket er at Otto ved eitt tilfelle seier *di* i staden for *domm*. Nektingsadverbet *itte* bruker dei òg heilt konsekvent. Hos dei to yngste informantane er situasjonen annleis: Mia bruker den modifiserte varianten *jæi* i førsteperson eintal, i tillegg til *jæ* som ein trykklett variant, og *di* i tredjeperson fleirtal. Ole varierer mellom den tradisjonelle *je*-varianten og den modifiserte, trykklette *jæ*-varianten. Begge bruker konsekvent nektingsadverbet *ikke*.

Det er ei tydeleg modifisering i bruk av pronomen og nektingsadverb frå dei to eldste generasjonane til den yngste. Funna tyder på at dei tradisjonelle pronomena *je* og *domm* og nektingsadverbet *ikke* er i ferd med å bli erstatta av dei modifiserte variantane *jæi* (trykklett *jæ*), *di* og *ikke*.

Dette blir delvis underbygd av tidlegare forskning. Både Haukåssveen (2014: 57) og Langli (2002: 136) såg den same tendensen for førstepersonspronomenet. I studien til Langli (ibid) var det ingen informantar som konsekvent nytta den tradisjonelle varianten *je*, men mange som konsekvent nytta modifiserte variantar som *jæ* og *jæi*. Bruken av nektingsadverbet *itte* ser ut til å gå i same retning. Blant informantane til Langli (ibid) var det berre éin informant (som elles brukte sær mange tradisjonelle dialekttrekk) som nytta nektingsadverbet *itte*. Resten brukte den modifiserte varianten *ikke*. Når det gjeld tredjepersonspronomenet, er situasjonen annleis, og studiane peiker i ulike retningar. I studiane til Haukåssveen (2014: 58) og Langli (ibid) var det eit fleirtal av informantar som nytta den tradisjonelle varianten *domm*. I studien til Holland (2002: 127) var det derimot eit klart mindretal som brukte den tradisjonelle varianten som hovudregel, og dei aller fleste nytta ein modifisert variant. Det syner at det er stor variasjon, men det er ikkje tvil om at det tradisjonelle tredjepersonspronomenet *domm* står mykje sterkare enn det tradisjonelle pronomenet for førsteperson eintal, *je*.

#### *Trykk på første staving i importord*

Alle informantane, bortsett frå Mia, har som hovudregel trykk på første staving i importord. Bestefar Ove er den einaste som er heilt konsekvent. Magne, Otto og Mona bruker modifiserte variantar ved enkelte tilfelle.

Dette språktrekket står med andre ord om lag like sterkt hos den nest eldste generasjonen som

hos den eldste. Når eg òg finn døme hos den yngste generasjonen, tyder på at den tradisjonelle varianten står relativt sterkt. At den eine av dei yngste informantane konsekvent ikkje har trykket på første staving, kan derimot vere eit teikn på at dialekttrekket er i mindre bruk no enn før, og at det etter kvart kan kome til å gå ut av bruk.

Tidlegare studiar syner òg at det er mindre vanleg å ha trykket på første staving i importord no enn tidlegare, men at det likevel er av dei tradisjonelle dialekttrekka som framleis er i bruk blant ungdom på Hedmarken. Langli (ibid) fann at det er variasjon blant informantane, men at det jamt over var ein relativ låg modifieringsprosent på dette dialekttrekket. Holland (ibid) såg at dialekttrekket stod sterkt hos enkeltinformantar, men at mange av informantane som hovudregel ikkje hadde trykk på første staving.

### *Jamvekt*

Jamvektssystemet held seg relativt stødig hos dei fire eldste informantane, medan det kan sjå ut til å ha forsvunne hos dei to yngste. Både besteforeldregenerasjonen og foreldregenerasjonen verkar å vere ganske konsekvente i å følgje jamvektssystemet på verb i infinitiv. Dessverre fekk eg ikkje nok belegg til å seie om Ole har jamvekt, men at eg ikkje finn teikn på jamvekt i det heile teke hos Mia, kan derimot tyde på at jamvektssystemet i sin heilskap kjem til å forsvinne frå dialekta.

Holland (ibid) studerte bruken av jamvektssystemet, og fann at berre to av 12 informantar, dei to med generelt flest tradisjonelle dialekttrekk, hadde eit gjennomført jamvektssystem. Det underbygger hypotesen om at jamvektssystemet i sin heilskap er i ferd med å forsvinne frå dialekta.

### *Tjukk l*

Tjukk *l* for historisk *rð* er heilt konsekvent i bruk hos alle dei fire eldste informantane. Dei er òg ganske konsekvente i bruk av tjukk *l* for historisk *l*. Belegga mine for bruk av tynn *l* for historisk *l* er å rekne som unntak, sjølv om eg finn dei hos tre av dei fire eldste. Hos dei yngste informantane er det derimot motsett: Eg har ingen belegg på bruk av tjukk *l* for historisk *rð*, men eg finn døme på bruk av tjukk *l* for historisk *l*. Ole bruker tjukk *l* for historisk *l* heilt konsekvent, medan Mia er inkonsekvent og har døme på både tynn og tjukk *l* for historisk *l*. Dette kan tyde på at tjukk *l* for historisk *rð* er på veg ut av bruk, medan tjukk *l* for historisk *l* held seg betre.

Verken Holland, Langli eller Haukåssveen studerte bruken av tjukk *l* for historisk *l*. Derimot



undersøkte alle bruken av tjukk *l* for historisk *rð*, og fann at den tradisjonelle varianten stod sterkt samanlikna med andre dialekttrekk. Både Holland (ibid) og Haukåssveen (2014: 50) fann at tjukk *l* for historisk *rð* var i bruk av dei aller fleste informantane. Blant informantane til Holland (ibid) brukte om lag halvparten tjukk *l* for historisk *rð* som hovudregel, medan resten av informantane har relativt jamn fordeling mellom bruk av tradisjonelle variantar med tjukk *l* og modifiserte variantar med tynn *l*. Langli (ibid) hadde større variasjon blant informantane sine. Ho hadde enkelte informantar som konsekvent brukte tjukk *l* for historisk *rð*, og enkelte informantar som konsekvent ikkje gjorde det. Kanskje er skilnaden frå mine funn og funna til Holland og Langli eit uttrykk for ei språkleg endring som har skjedd sidan dei skreiv avhandlingane sine på starten av 2000-talet.

### *Monoftongering*

Alle informantane bruker ord med monoftong, men alle har unntak der dei bruker diftong på ord ein i den tradisjonelle lokale dialekta uttaler med monoftong. Systemet verkar å vere stødigare hos dei fire eldste informantane.

Sjølv om monoftongering er eit dialekttrekk i den tradisjonelle løtendialekta, treng ikkje belegg på monoftongering vere einstyddande med belegg på tradisjonell løtendialekt. Mia, informanten med færrest tradisjonelle dialekttrekk, bruker monoftongerte ord som *vet* og *bredere*. Desse variantane er utbreidd langt utover Løten, og passer dessutan inn i eit meir konservativt bokmålsnært talemål. Kanskje bruker Mia dei bokmålsnære variantane, som tilfeldigvis fell saman med den tradisjonelle løtendialekta?

Langli (ibid) fann òg belegg på monoftong hos sine unge informantar. Det var eit av dialekttrekka med minst modifiseringsprosent, altså var det av dei tradisjonelle dialekttrekka som var mest i bruk blant informantane hennar. Undersøkinga til Hedemarken Friskole (2013: 26) syner òg at ungdommen monoftonger. Derimot heng graden av monoftongering saman med alder: Eldre informantar monoftonger fleire ord enn yngre informantar. Dette stør vurderinga mi om at systemet er meir gjennomgåande hos dei eldre språkbrukarane. Derimot er det ingenting som tyder på at dialekttrekket er i ferd med å gå ut av bruk med det første, men heller at det held fram sidan det passar inn i eit bokmålsnært talemål.

### *Spørjeord*

Dei to eldste generasjonane bruker som hovudregel dei tradisjonelle lokale spørjeorda på *å*, men tre av dei fire har nokre få unntak der dei bruker dei modifiserte variantane i staden. Hos dei to yngste informantane har eg ingen belegg på bruk av dei tradisjonelle lokale spørjeorda

på *å*, men dei ser ut til å bruke dei modifiserte variantane heilt konsekvent. Det er eit tydeleg teikn på at dei tradisjonelle spørjeorda er på veg ut av bruk, og at dei modifiserte spørjeorda er i ferd med å ta over.

Det same syner studien til Haukåssveen (2014: 60). Der rapporterte om lag 70 % av informantane at dei brukte modifiserte spørjeord, medan berre 30 % rapporterte at dei brukte dei tradisjonelle spørjeorda. Ho konkluderer med at spørjeorda er i ferd med å bli erstatta av bokmålsnære variantar.

### *Verb i presens*

Sterke verb i presens blir heilt konsekvent, av alle dei fire eldste informantane, bøygd slik at dei blir einstava i presens. Dei seier *legg*, *rekk* og *kjæm* i staden for dei tostava variantane *legger*, *rekker* og *kommer*. Det tyder på at dialekttrekket står særst sterkt hos dei to eldste generasjonane. Til trass for dette, finn eg ikkje eit einaste belegg på at dei to yngste informantane bøyer sterke verb slik at dei blir einstava i presens. Begge seier til dømes *kommer* i staden for *kjæm*. Eg har ikkje mange belegg på sterke verb i presens, i alle fall ikkje i intervjuet med Ole, og kan hende bruker han enkelte tradisjonelle variantar utan at det kom fram i intervjuet. Dei språklege funna i intervjuet mine tyder på at dialekttrekket er i ferd med å forsvinne, sjølv om det står støtt hos dei eldste informantane.

Både Holland (ibid) og Langli (ibid) fann enkelte belegg på einstava sterke verb i presens hos informantane sine, men det var tydeleg i begge studiane at dei fleste informantane som hovudregel brukte den modifiserte, tostava varianten.

*R*-bortfall ved svake verb i presens har ei meir tydeleg utvikling enn mange av dei andre dialekttrekka. Det er berre éin informant, Ove, som konsekvent har *r*-bortfall på svake verb i presens. Informantane i den nest eldste generasjonen har fleire unntak der dei har *r*-ending ved svake verb i presens, sjølv om *r*-bortfall er hovudregelen. Hos den yngste generasjonen ser det tradisjonelle dialekttrekket ut til å vere vekke, då dei begge konsekvent har *r*-ending ved svake verb i presens.

Langli (ibid) hadde liknande funn, då alle informantane utanom éin (som elles brukte mange tradisjonelle dialekttrekk) brukte modifiserte variantar med *r*-ending. Funna til Haukåssveen (2014: 51) er ikkje like tydelege, men peiker i same retning. 63 % av informantane hennar rapporterte at dei brukte den modifiserte varianten *kaster* i presens, medan 32 % meinte at dei brukte den tradisjonelle varianten *kaste*.

*Fortidsending på a-verb*

Hos fleire av informantane, både dei eldste og dei nest eldste, finn eg inkonsekvens i fortidssystemet. Fleire har *a*-ending på *a*-verb i fortid som ein, med den tradisjonelle lokale dialekta, ville ha hatt «slapp *e*»-ending på. Eg fann berre belegg på modifiserte variantar med *a*-ending hos dei to yngste informantane. Ein kan tolke dette som at fortidssystemet ikkje står særleg stødig i løtendialekta i dag, og at det er i ferd med å gå ut av bruk.

Langli (ibid) studerte bruken av «slapp *e*» som fortidsending på *a*-verb hos informantane sine. Ho fann enkelte belegg på at informantane brukte det tradisjonelle fortidssystemet, medan eit klart fleirtal av informantane som hovudregel brukte modifiserte variantar med *a*-ending.

*Substantiv*

Dei tradisjonelle bøyingsystema for substantiv ser ut til å vere intakt for nesten alle informantane. Alle informantane bøyer hokjønnsst substantiv i eintal slik at dei ender på *a*, som *klassa*. Sjølv informanten med færrast tradisjonelle dialekttrekk, Mia, bøyer hokjønnsst substantiv i eintal på den måten. Dette finn støtte i eit bokmålsnært talemål. Belegga eg har for hokjønnsst substantiv i fleirtal, syner òg at det tradisjonelle bøyingsmønsteret er hovudregelen. Dessverre fekk eg ikkje belegg på hokjønnsst substantiv bøygd i fleirtal hos nokon av informantane i den yngste generasjonen. Når det gjeld bøyning av hankjønnsst substantiv i fleirtal, var det ein tydeleg skilnad mellom informanten Mia og dei andre informantane. Slike substantiv fikk *a*-ending hos alle informantane i dei to eldste generasjonane, i tillegg til hos Ole. Mia hadde derimot konsekvent *ene*-ending på hankjønnsst substantiv i fleirtal. Med andre ord er det ingenting som tyder på at det er i ferd med å skje ei drastisk endring i bøyingsystema for substantiv. Verken Holland, Langli eller Haukåsveen studerte bøyingsystema på substantiv i avhandlingane sine.

*Senking*

Senking er eit av dei få trekka der det er ein merkbar skilnad på den eldste og den nest eldste generasjonen. Den eldste generasjonen har senking, heilt utan unntak, medan senkingssystemet verkar å vere mindre konsekvent hos dei to nest eldste. Mona og Otto uttaler konsekvent *veldi* med *e* i staden for *æ*, og dei seier til dømes *til* i staden for *tel* ved fleire høve. Det er òg stor skilnad mellom dei to yngste informantane. Ole har senkingssystemet, men bruker det inkonsekvent. Han seier til dømes både *speller* med senking og *spiller* utan senking. Mia har berre eitt døme på bruk av senking, og det er når ho uttaler stadnamnet Elverum som *Ælvrurum*. Elles er det mange døme på at ho ikkje har senking.

Ho seier, i motsetnad til Ole, konsekvent *spiller, trening* og *femten* utan senking. At ho uttaler *Ærvrum* med senking er å rekne som eit unntak, og har sannsynlegvis å gjere med at det er eit stadnamn, som ofte beheld tradisjonelle målmerke.

Det ser ut til at det er ei gradvis utvikling der senkingssystemet blir brukt meir og meir inkonsekvent. Den store skilnaden på bruk av senkingssystemet hos dei to yngste informantane er interessant, og tyder kanskje på at dialekttrekket held seg hos nokre dialektbrukarar i framtida. Diverre har verken Holland, Langli eller Haukåssveen studert bruken av senkingssystemet hos ungdom på Hedmarken.

### *Dativ*

Ingen av informantane bruker dativ konsekvent. Eg finn derimot restar av dativssystemet hos to av dei: Magne i den eldste generasjonen, og Otto i den nest eldste generasjonen. Det syner at det framleis finst restar av dativ hos enkelte dialektbrukarar i Løten, kanskje som stivna former i stadnamn.

Haukåssveen (2014: 64) hadde fleire informantar som hadde innslag av dativ i stivna uttrykk, eller det ho kallar «ein form for dialektal bøyning i retning av dativ». Ho såg at dativ var på veg ut av bruk. Det er interessant at Haukåssveen i 2014 fann belegg på dativ hos ungdom i Ringsaker når dialekttrekket står så svakt hos vaksne i Løten berre tre år seinare. Forklaringa er sannsynlegvis at dativ beint fram er og har vore meir i bruk i dialektene i Ringsaker enn i Løten.

### *Palatal segmentering*

Berre i eitt av intervju, med bestefar Ove, finn eg døme på restar av palatal segmentering. Altså finst det restar av palatal segmentering hos nokre få språkbrukarar i Løten, men det er grunn til å tru at dialekttrekket er på god veg til å forsvinne heilt frå løtendialekta.

## **5.9 Dialektendring eller dialektskifte?**

Viss ein skal trekke to hovudpoeng ut av dei to siste underkapitla, 5.7 *Samanlikning av informantane* og 5.8 *Samla vurdering av dialekttrekka*, så er det at det er ei signifikant talemålsendring frå nest eldste til yngste generasjon, og at det er mange tradisjonelle dialekttrekk som beint fram ikkje ser ut til å vere i bruk av ungdommen. Difor er det interessant å drøfte om den språklege endringa i Løten er eit uttrykk for nettopp det – ei endring, eller om det er meir presist å kalle det for eit dialektskifte?

Dei to yngste informantane, Ole og Mia, representerer på mange måtar to forskjellige svar på spørsmålet om det er snakk om ei dialektendring eller eit dialektskifte. Ole bruker fleire tradisjonelle dialekttrekk, men har likevel eit klart meir bokmålsnært enn faren sin, Otto. Han varierer ein del, og bruker både tradisjonelle og modifiserte variantar, til og med av same ord. Hyppigheten av tradisjonelle dialekttrekk hos Ole liknar på fleire av informantane i studiane til både Holland (2001), Langli (2002) og Haukåssveen (2014). I alle studiane er det informantar som har nokre tradisjonelle dialekttrekk, men at dei bruker tradisjonelle dialekttrekk og modifiserte, bokmålsnære variantar om kvarandre. Dette stør oppfatninga Ole har av at talemålet hans liknar talemålet til andre på hans alder. I Ole sitt tilfelle ville det vere ei overdriving å kalle den språklege endringa for eit språkskifte. Det har vore ei stor endring i retning eit bokmålsnært talemål frå talemålet til far Otto og til Ole, ei langt større endring enn frå bestefar Ove til Otto, men det er likevel ikkje snakk om eit språkskifte. Til dømes ser det ut til at Ole har det tradisjonelle bøyingsystemet for substantiv, og han bruker til ei viss grad senkingssystemet.

Den språklege skilnaden frå mor Mona til Mia, derimot, er så stor at eg meiner ein kan argumentere for å kalle det eit språkskifte. På berre éin generasjon har så å seie alle tradisjonelle dialekttrekk forsvunne i denne familien, og Mia har utan tvil det ein vil kalle for eit bokmålsnært talemål. Dialekttrekka ho har, monoftongering og *a*-ending på hokjønnsord eintal, er begge dialekttrekk som fell saman med eit bokmålsnært talemål. Det er verdt å legge merke til at Mia har *ene*-ending på hankjønnsord i fleirtal, ei substantivending som ligg langt frå den tradisjonelle endinga på *a*.

I ein artikkel om språkutvikling i Nore og Uvdal med tittelen «Dialektdød i Numedal?» skildrar Papazian (1999) liknande dramatiske endringar i talemålet i kommunen nord i Numedal. «Mange barn snakkar ikkje bygdemålet i det heile, sjølv om dei er fødte i bygda, og stundom om også foreldra er det» (Papazian, 1999: 51). Resultata i studien hans tyder på at ungdommane som bruker tradisjonelle dialekttrekk er i mindretal, og han konkluderer med at det er i ferd med å skje eit språkskifte i Nore og Uvdal (Papazian, 1999: 61).

Ifølgje Mia er det nettopp slik språksituasjonen er blant ungdom i Løten i dag. «Det er ikkje så mange som snakkar breitt lenger, det er fleire som ikkje snakkar breitt enn som snakkar breitt,» fortel ho. Ole har observert det same: «Nokre pratar jo mest bokmål, då, men eg trur ikkje det er nokon som pratar mest dialekt, på ein måte». Det er språkleg variasjon blant ungdom i Løten. Nokre har eit bokmålsnært talemål, som Mia, og nokre har enkelte

tradisjonelle dialekttrekk, som Ole. Den same variasjonen kjem fram i studiane til Holland (2001), Langli (2002) og Haukåssveen (2014), der enkelte informantar har eit bokmålsnært talemål så å seie utan belegg på tradisjonelle dialekttrekk, og nokre informantar har enkelte dialekttrekk som dei varierer på å bruke.

Språkbrukarane som ikkje er representert i studien min, men som var med i studiane til både Holland (2001), Langli (2002) og Haukåssveen (2014), er dei få unge informantane med stor opphoping av tradisjonelle dialekttrekk, og som brukte dei relativt konsekvent. Hos Langli (2002: 133) var det snakk om ein enkelt informant som blei rekruttert til å delta i studien nettopp fordi han skilde seg ut frå andre språkbrukarar på hans eigen alder. Ifølgje Mia og Ole er desse språkbrukarane sjeldne å høyre blant ungdommen i Løten i dag.

Det kan sjå ut til at det framleis er såpass med variasjon mellom tradisjonelle og modifiserte variantar blant løtenungdommen i dag at det er for tidleg å konstatere eit språkskifte. Dersom eg skal forsøke å gi ein kvalifisert spådom, vil eg derimot stø meg på Kulbrandstad (2000: 72): «(...) vi skal ikke se bort fra at vi kan få ei utvikling på Hedmarken lik den dialektforskere har registrert bl. a. i Valdres, Hallingdal og Numedal: Sterk tilbakegang for det lokale talemålet blant unge med overgang sørøstlandsk og sterkt bokmålspreget bymål».

## 5.10 Korleis forklare dialektendringane?

### 5.10.1 Språk og status

I Noreg er det høg toleranse for bruk av dialekt, samanlikna med dei fleste andre land i verda (Vangsnes, 2013: 50). Eit godt døme på det er at det var aksept for at tidlegare finansminister Sigbjørn Johnsen, frå talarstolen på Stortinget, la fram statsbudsjettet på kav hedmarksdialekt. Likevel er det ingen tvil om at dialekter er knytt til stereotypiar og ulike haldningar. «Vi er ikke i stand til å forholde oss fullstendig forutsetningsløst til en gitt språkvarietet» (Mæhlum, 2008a: 96). Utan at vi nødvendigvis er medvitne til det, bruker vi tidlegare erfaringar og stivna førestillingar til å plassere språkbrukarar i kategoriske stereotypiar (ibid).

I ei språkhaldningsundersøking kom det fram at folk frå Oslo assosierer flatbygdmålet med adjektiv som «bondsk», «litt døl», «artig», «vulgær», «enkel og truverdig», «litt dum, men varm og feminin» (Strømsodd i Mæhlum, 2008a: 96). Slike haldningar kjem òg fram i lokalavisa Hamar Arbeiderblad, til dømes i ein artikkelen «Hedmarksdialekta i klemme», der

journalist Geir Vestad skriv at

Noe av det trælete med dialekten på flatbygdene, er at den lettere enn både trønderdialekt og bergensdialekt og den slags blir assosiert med det bondske, treige, litt dumme og litt latterlige – omtrent slik som Vazelina Bilopphøggers har prøvd å gjøre seg når de har prøvd å være morsomme.

Vestad, 2009: 50

Flatbygdemålet har vore utsett for latterleggjering og ironisering gjennom den offentlege kulturen, særleg i underhaldningsbransjen, der flatbygdemålet har blitt brukt som verkemiddel for å framstille ein person som dum og einfaldig. Slike framstillingar har naturleg nok vore med på å bygge oppunder stereotypiar. Dei negative haldningane til flatbygdemål mykje sterkare for nokre tiår sidan, men dei lever framleis, i ein neddempa versjon. I dag vil ein person som pratar flatbygdemål gjerne bli assosiert med «noe ekte og opprinnelig fra Utkant-Norge» (Mæhlum, 2008b: 107).

At dei negative haldningane til flatbygdemålet har dempa seg dei siste tiåra, kan vere ei forklaring på kvifor representantane frå den eldste generasjonen informantar og den nest eldste hadde ulike erfaringar med å bruke den lokale dialekta. Begge informantane i den eldste generasjonen har erfart at løtendialekta har låg status samanlikna med andre dialekter. Informanten Magne, som har arbeidd i Oslo, fortel dessutan at han har opplevd å bli gjort narr av på grunn av dialektbruk. Det verkar som at det å halde på dialekta, særleg for Magne, nærast er ei kampsak, og absolutt eit medvite val. Ungane til Ove og Magne, Otto og Mona, har hatt ei ganske anna erfaring. Dei uttrykker stoltheit over å prate dialekt, og har fått positive attendemeldingar på dialektbruken sin både i og utanfor bygda. Ingen av dei har tatt noko særleg medvite val om å halde på dialekta, men omtaler det som «det naturlege språket». Det er tydeleg at Otto og Mona har vakse opp i ei anna språkleg verkelegheit enn fedrane sine.

Altså er det tydeleg at stereotypiane knytt til flatbygdemålet er *neddempa*, men likevel ikkje vekke. Dottera til Mona, Mia, synest at folk som pratar tradisjonell, lokal dialekt høyrer morosame ut, og ho seier at jamaldringar bruker dialekta som humoristisk verkemiddel. Dessutan er det ein interessant sekvens i intervjuet med Otto der han med glimt i auget seier at «vi som er litt enkle menneske kan ikkje drive å tillegge oss noko anna språk, veit du, for då gløymer vi oss». Når eg spør om det er løtensokningane som er enkle, svarar han at «nei, nei, løtensokningen er ikkje enkel, ein kan ikkje ta alle under ein kam, nei, nei, nei,» men følgjer opp med «men vi er ikkje den skarpaste (...) dei skarpaste knivane i skuffen». Han held fram med å forklare at det ikkje har noko med å nedvurdere løtensokningane å gjere, men heller å

seie at ein ikkje er betre enn andre berre fordi ein er frå Løten. «Eg meiner at vi løtensokningar er minst like bra som alle andre, men vi flyg ikkje rundt og snakkar om det heile tida».

Fleire av informantane bruker omgrep som *bokmål*, *riksspråk*, *riksmål* og *normaltalemål* når dei seier noko om kva retning dialekta endrar seg i. Auer og Hinskens (1996) har laga ein modell av eit språkleg statushierarki som plasserer tradisjonelle dialekter på botn av hierarkiet med regionale dialekter nest nedst, regionale standardvarietetar nest øvst, og ein nasjonal standardvarietet på toppen. Jamført med denne modellen, vil ei tradisjonell løtendialekt, som dessutan har låg status samanlikna med dei fleste andre tradisjonelle dialekter i Noreg, ligge nær botn i eit språkleg hierarki. Slik vil den tradisjonelle løtendialekta representere ein motsetnad til denne nasjonale standardvarieteteten.

Trass i at det ikkje finst noko offisielt standard talemål i Noreg, er det ei oppfatning blant mange at det finst ein «mental standard» som praksis fungerer som ein nasjonal standardvarietet, med statusen den inneber (Mæhlum, 2007: 45). Det er etter alt å dømme denne varieteteten informantane viser til når dei snakkar om at talemålet går i retning *bokmål*, *riksspråk*, *riksmål* eller *normaltalemål*. Denne prestisjetunge «mentale standarden» er eit bokmålsnært talemål, med søraustnorske språkdrag, assosiert med talemåla i Oslo.

At standardtalemålet, i likskap med løtendialekta, er ein austnorsk varietet, gjer at det trass alt ikkje er veldig stor skilnad mellom dei to talemålsvarietetane. Informanten Otto seier at løtendialekta ikkje er ei «typisk veldig vanskeleg dialekt», og Mona fortel at ho ikkje synest det er så stor skilnad mellom løtendialekt og talemål i Oslo. Veggen frå løtendialekt til eit bokmålsnært, søraustnorsk standardtalemål er mykje kortare enn til dømes frå sognemål. Dette, kombinert med den låge statusen til den tradisjonelle løtendialekta og den høge statusen til det dialektalt relativt nærliggande bokmålsnære talemålet, vil heilt klart kunne påverke talemålsendinga vekk frå den tradisjonelle dialekta og nærmare eit bokmålsnært talemål.

### 5.10.2 Språk som identitetsmarkør

Samstundes som språkbrukarar knyter dialekta til visse stereotypiar, fungerer dialekta som identitetsmarkør for dialektbrukaren sjølv. «På samme måte som enkelte andre identitetsmarkører – for eksempel frisyre – kan også språket justeres,» skriv Kværness (2014: 27). Ved å bruke tradisjonell lokal dialekt, kan ein uttrykke tilhøyrsløse til det tradisjonelle, lokale og rurale. På same måte kan ein uttrykke avstand til det tradisjonelle, lokale og rurale



og tilhøyrsløse til det moderne og urbane ved å prate ein bokmålsnær varietet. På den måten kan identitet fungere som eit motiv for språklege val.

Ein kan sjå dei språklege vala til dei to yngste informantane, Ole og Mia, i samanheng med identitet. Ole har enkelte tradisjonelle dialekttrekk, medan Mia snakkar eit bokmålsnært talemål, nærast blotta for lokale dialekttrekk. Ole veks opp på gard, og seier i intervjuet at han kan tenke seg å bu i Løten i framtida. Mia, derimot, vil flytte vekk frå Løten og til ein større by. Ho vil kanskje satse på idrett, og er generelt ambisiøs. Her passar det å trekke fram sitatet frå Vikør (1999: 44) att: «Spørsmålet er ikkje berre kor ein kjem frå, men òg kor ein vil hen». Slik kan det bokmålsnære talemålet til Mia vere eit resultat av at ho ser utover frå Løten, og vil uttrykke avstand til det rurale, medan Ole, som gjerne vil bli i Løten, heller bruker språket til å uttrykke tilhøyrsløse til bygda.

Dei språklege funna mine syner at informantane i familien tilknytt landbruk, familien O, jamt over har litt meir tradisjonell dialekt enn informantane i familien M, jamfør underkapittel 5.7.4 *Skilnadar mellom familiare*. Kanskje er dette òg eit resultat av språklege val gjort for å uttrykke identitet. Flatbygdmålet er, som nemnt i underkapittelet om språk og status, assosiert med noko bondsk. For mange vil ein merkelapp som bondsk representere ein uønskt identitet. Slik er det kanskje ikkje for familien O, som nettopp er bønder, og er stolte av å drive landbruk. For familien O kan den tradisjonelle dialekta og den tilhøyrande merkelappen som bondsk vere med på å underbygge ein ønskt identitet, i større grad enn for familien M, som ikkje har tilknytning til landbruk.

Slik sett kunne ein kanskje vente seg at den språklege skilnaden mellom familien O og familien M er større enn dei trass alt ganske små skilnadane eg fann i denne studien. Trass i at familien M ikkje har tilknytning til landbruk, og ikkje uttrykker nokon bondeidentitet, er både Magne og Mona stolte av å bruke løtendialekta. Dessutan er dei stolte av å kome frå Løten, og særleg Magne har lite til overs for Hamar, som representerer det urbane. Det står oppunder studien til Holland (2001), som synte at bustaden til informantane ikkje var avgjerande for kor tradisjonell dialekt dei prata, men at det heller handla om identitet. Ho hadde fleire informantar som budde ruralt til, men som identifiserte seg meir med det urbane, og hadde eit bokmålsnært talemål (Holland, 2014: 167). Stoltheita Mona og Magne syner over å kome frå Løten, og særleg avstanden Magne markerer til Hamar, tyder på at dei identifiserer seg med det rurale. Til trass for at dei bur litt meir urbant til enn familien O, ser det ut til at dei bruker dialekta for å markere ein bygdeidentitet.

## Analyse

Med studien til Langli (2002), *Fra lokalsamfunn til storsamfunn* i bakhovudet, kan ein derimot sjå føre seg at fleire og fleire unge løtensokningar vil identifisere seg meir med det urbane enn det rurale. Dimed kan ein vente seg at fleire og fleire unge løtensokningar vel eit bokmålsnært talemål for å uttrykke ein meir urban identitet, som informanten Mia.

## Konkluderande ord

Formålet med denne studien har vore å undersøke dialektendring i to familiar gjennom tre generasjonar i Løten, i tillegg til å forsøke å seie noko om bakgrunnen for dialektendringane. I dei to familiare eg har undersøkt, har eg funne endringar i retning eit bokmålsnært talemål, dels frå eldste til nest eldste generasjon, men særleg frå nest eldste til yngste generasjon. Endringa frå eldste til nest eldste generasjon var ganske minimal, og handla i hovudsak om at nest eldste generasjon hadde meir inkonsekvens i korleis dei nytta dialekttrekk. Endringa frå nest eldste generasjon til yngste generasjon var derimot stor. Såpass stor at det er verdt å drøfte om det bør kallast ei dialektendring, eller om det er meir snakk om eit dialektskrifte, der den tradisjonelle dialekta i sin heilskap er erstatta med eit bokmålsnært talemål.

Eg har tolka status som ein bakgrunn for talemålsendringane. Den tradisjonelle løtendialekta ligg nær botn i eit språkleg statushierarki, medan eit relativt nærliggande bokmålsnært, søraustnorsk talemål ligg på toppen. Den låge statusen til den tradisjonelle dialekta gjer at språkbrukarane har ein motivasjon til å la vere å bruke den, medan den høge statusen til den bokmålsnære austnorsken gjer at språkbrukarane har motivasjon til å bruke den i staden.

Vidare i studien har eg tolka språkvala til dei fire eldste informantane som eit uttrykk for ein bygdeidentitet. Eit ønskje om å uttrykke tilhøyrse til bygda er kanskje òg motivasjonen bak språkvalet til den yngste informanten, Ole, som har fleire tradisjonelle dialekttrekk enn den andre informanten i den yngste generasjonen, Mia. Til forskjell frå Ole, ser det ut til at Mia har valt eit bokmålsnært talemål for å uttrykke ein meir urban identitet. Sannsynlegvis representerer Mia framtida, med fleire unge språkbrukarar som identifiserer seg med det urbane.

## Litteratur


- Akselberg, G. og B. Mæhlum. (2008). «Sosiolingvistisk metode». I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland og H. Sandøy (Red.). *Språkmøte – innføring i sosiolingvistikk*, (s. 73 – 87). Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Auer, P. og Hinskens F. (1996). «The convergence and divergence of dialects in Europe. New not so new developments in an old area». I *Sociolinguistica* 10, 1 – 30.
- Giles, H. og P. Smith. (1979). Accomodation Theory: Optimal Levels of Convergence. I H. Giles. Og R. StClair. (Red.), *Language and Social Psychology* (s. 45 – 65). Oxford: Basil Blackwell
- Hauge, A., K. Gløtvoll-Solbu, T. Lauritzen, P. K. Alnes, og M. Ørbeck. (2014). *Befolkning, næringsliv og utviklingstrekk i Hamar: Innspill til strategisk næringsplan i Hamar*. (ØF-notat 18/2014). Henta frå <https://www.hamar.kommune.no/getfile.php/Filer/Hamar/%C3%98stlandsforsknings%20notat%2018-2014%20-%20Befolkning%2C%20n%C3%A6ringsliv%20og%20utviklingstrekk%20i%20Hamar.pdf>
- Haukåsveen, K. B. (2014). *Over dørstokken heme: Ei sosiolingvistisk undersøking av språklege endringar og haldningar hos ungdom i Ringsaker kommune*. (Masteravhandling, Universitetet i Agder), henta frå <https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/278200>
- Hedemarken Friskole. (2013). *Hvordan er bruken av monoftongering i løtendialekta i dag?* (Bidrag til Nysgjerriperkonkurransen), henta frå <http://www.friskolen.no/wp-content/uploads/2013/05/Lotendialekta.pdf>
- Holland, A. K. (2001). *Hedmarksdialekten i dag: En undersøkelse av språk og språklige motiv hos 12 ungdommer frå by og bygd på Hedmarken*. (Masteravhandling, Universitetet i Tromsø), henta frå <http://munin.uit.no/handle/10037/182>
- Jacobsen, R. (1996). Tanker ved Ånestadkrysset. *Myrstrå vipper: Dikt i utvalg*. (s. 69 – 70). Oslo: Gyldendal.
- Johannessen, R. B. (2003). Innsamling av språklige data: Informanter, introspeksjon og korpus. I R. B. Johannessen (Red.), *På språkjakt: Problemer og utfordringer i språkvitenskaplig datainnsamling*, (s. 133 – 171). Oslo: Unipub
- Kulbrandstad, L. A. (1977). Litt om løtenmålet. *Lautin* (s. 128 – 139).
- Kulbrandstad, L. A. (1981). «Som dom sa før gammælt» - ord og uttrykk på veg ut av Løtendialekta. *Lautin*, (s. 39 – 42).
- Kulbrandstad, L. A. (2000). Løtenmålet i forandring. *Lautin* (s. 63 – 72).
- Kunnskapsdepartementet. (2013). *Læreplanen i norsk (NOR1-05)*. Henta frå <https://www.udir.no/k106/NOR1-05>
- Kværness, G. (2014). *Leve dialekten: En språkreise*. Oslo: Cappelen Damm.

- Langli, H. (2002). *Frå lokalsamfunn til storsamfunn: En sosiolingvistisk studie av talemålsutviklingen i Vang ved Hamar*. (Masteravhandling, NTNU). H. Langli, Trondheim.
- Løten kommune. (2005). *Kommuneplan for Løten 2005 – 2016*. Henta frå <https://www.loten.kommune.no/kommuneplanensarealdel//kommuneplan-for-loten-2005-2016-article9118-868.html>
- Løten kommune. (2016a). *Planprogram for kommuneplanens samfunnsdel 2018 – 2030*. Henta frå [https://www.loten.kommune.no/getfile.php/Bilder/L%C3%B8ten/Teknisk%20drift%20og%20utvikling/Kommuneplanens%20samfunnsdel/Planprogram\\_kommuneplanens\\_samfunnsdel\\_vedtatt.pdf](https://www.loten.kommune.no/getfile.php/Bilder/L%C3%B8ten/Teknisk%20drift%20og%20utvikling/Kommuneplanens%20samfunnsdel/Planprogram_kommuneplanens_samfunnsdel_vedtatt.pdf)
- Løten kommune. (2016b). *Resultater fra rådgivende folkeavstemning i Løten om kommunereformen*. Henta frå <http://www.loten.kommune.no/kommunereformen//resultater-fra-radgivende-folkeavstemning-i-loten-om-kommunereformen-article40864-18636.html>
- Mostue, S. (2011, 21.11). Mjøsdiakta er i fare. *Hamar Arbeiderblad*, s. 28.
- Mæhlum, B. (2007). *Konfrontasjoner: Når språk møtes*. Oslo: Novus forlag.
- Mæhlum, B. (2008a). «Normer». I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland og H. Sandøy (Red.). *Språkmøte – innføring i sosiolingvistikk*, (s. 89 – 103). Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Mæhlum, B. (2008b). «Språk og identitet». I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland og H. Sandøy (Red.). *Språkmøte – innføring i sosiolingvistikk*, (s. 105 – 126). Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Mæhlum, B. og U. Røyneland (2012). *Det norske dialektlandskapet: Innføring i studiet av dialekter*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk
- Papazian, E. (1999). Dialektdød i Numedal? Om språkutviklinga i Nore og Uvdal. I T. Kleiva, I. Donali, T. Nettet og H. Øygarden (Red.), *Austlandsmål i endring* (s. 49 – 61). Oslo: Samlaget.
- Skjekkeland, M. (2005). *Dialektar i Noreg: tradisjon og fornying*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Skogstad, O. (Red.) (1974). *Austlandsmål*. Oslo: Samlaget
- Statistisk Sentralbyrå. (2017). *Kommunefakta: Løten kommune*. Henta frå <https://www.ssb.no/kommunefakta/loten>
- Statistisk Sentralbyrå. (2016). *Nøkkeltall for utdanning*. Henta frå <https://www.ssb.no/utdanning/nokkeltall>
- Thagaard, T. (2002). *Systematikk og innlevelse: En innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget
- Vangsnes, Ø. (2013). *Språkleg toleranse i Noreg - Norge, for faen!* Oslo: Samlaget.
- Vestad, G. (2009. 30.04). Hedmarksdiakta i klemme. *Hamar Arbeiderblad*, s. 50
- Vikør, L. S. (1999). Kva er språknormering? I T. Kleiva, I. Donali, T. Nettet, og H. Øygarden (Red.), *Austlandsmål i endring* (s. 189 - 204). Oslo: Samlaget.

# Vedlegg


## Vedlegg 1: Kart over Løten og omland

Kart frå <https://kommunekart.com>



## Vedlegg 2: Kart over utsnitt av Løten kommune

Kart frå <https://kommunekart.com>



## Vedlegg 3: Intervjuguide

### Biografi

- Kor gammal er du?
- Har du budd i Løten heile livet?
- Kva arbeider du med?
- Kva driv du med på fritida?
- Har begge foreldra dine vakse opp i Løten?
- Spesielt til dei yngste: Kva ser du føre deg å arbeide med i framtida?
- Spesielt til dei yngste: Har du lyst til å bu i Løten når du veks opp?

### Om Løten

- Kva synst du om å bu i Løten?
- Er du stolt av å bu i Løten?
- Kva liker du best med Løten?
- Er det noko med Løten du ikkje liker?

### Dialekt

- Meiner du sjølv at du pratar løtendialekt?
- På ein skala frå 1 – 10, kor utprega løtendialekt meiner du sjølv at du pratar?
- Meiner du at du pratar ganske likt andre løtensokningar på din alder, eller pratar du annleis?
- Er det forskjell på korleis folk pratar løtendialekt rundt om i Løten?
- Kan du gi døme på særigne trekk som du meiner kjenneteiknar løtendialekta? (kva kommenterer folk som ikkje pratar løtendialekt?)
- Kan du gi døme på særigne trekk i løtendialekta som du meiner er i endring? Språktrekk som er forskjellige mellom yngre og eldre språkbrukarar? Ditt språk samanlikna med andre generasjonar i familien din?
- Kor trur du denne påverknaden kjem frå?
- Spesielt til dei eldste og dei nest eldste: Har du merka om du har endra dialekta di oppigjennom, eller meiner du at du pratar omtrent likt no som før?
- Spesielt til dei eldste: Korleis hugsar du dialekta til foreldra dine samanlikna med di eiga?

### Haldningar

- Pleier du å halde på dialekta di når du møter andre som ikkje pratar løtendialekt, eller synest du det er vanskeleg?
- Kan du hugse eit tilfelle der du endra på dialekta di når du prata med nokon som ikkje var frå Løten?
- Er du stolt av å vere løtensokning og av å prate løtendialekt, eller hender det at du er flau over det?
- Korleis trur du folk frå andre delar av landet oppfattar folk som pratar løtendialekt?
- Er det forskjell på korleis folk pratar dialekt i Løten og i Hamar? I så fall: Kvifor trur du det er slik?



## Vedlegg 4: Samtykkeerklæring

### Forespørsel om deltakelse i forskningsprosjektet

#### *”Talemålsutvikling i Løten”*

##### **Bakgrunn og formål**

Jeg studerer nordisk språkvitenskap ved NTNU, og skal levere masteroppgave våren 2017. Jeg skal gjøre en kvalitativ studie, der jeg undersøker talemålsutvikling i Løten. Jeg vil både se på endringer i språkholdninger og endringer i språkbruk.

I studien ønsker jeg å intervju en besteforelder, en forelder og et barn i samme familie, alle oppvokst i Løten, og der barnet ikke enda har begynt på videregående skole. Jeg har, etter tips fra min familie, valgt å forespørre deg om å delta som informant.

##### **Hva innebærer deltakelse i studien?**

Jeg skal gjøre tre intervjuer, ett intervju med hver av deltakerne. Jeg anslår at hvert intervju vil vare i omtrent en time, men det kommer sjølsagt an på. Intervjuet kommer stort sett til å handle om språkholdninger. Jeg vil for eksempel stille spørsmål om Løten-dialekta og om ditt forhold til Løten. Jeg kommer til å ta opp intervjuet på båndopptaker. Barn må ha samtykke fra en forelder for å delta i studien.

##### **Hva skjer med informasjonen om deg?**

Alle personopplysninger vil bli behandlet konfidensielt. Det vil kun være jeg og min masterveileder, professor Brit Mæhlum, som har tilgang til personopplysninger. Personopplysninger og opptak fra intervjuet vil lagres passordbeskytta og separat fra andre data.

Sjøl om personopplysninger som navn og bosted ikke kommer til å komme fram i publikasjonen, utelukker jeg ikke at enkelte vil være i stand til å kjenne deg igjen basert på opplysninger som kommer fram i intervjuet.

Prosjektet skal etter planen avsluttes i mai 2017. Når prosjektet avsluttes, sletter jeg alle opptak fra intervju, og anonymiserer alt datamateriale.

##### **Frivillig deltakelse**

Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekke ditt samtykke uten å oppgi noen grunn. Dersom du trekker deg, vil alle opplysninger om deg bli anonymisert.

Dersom du ønsker å delta eller har spørsmål til studien, ta kontakt med meg på telefonnummer 476 59 738 eller e-postadressa [bjorkeline@hotmail.com](mailto:bjorkeline@hotmail.com). Du kan også ta kontakt med masterveilederen min, professor Brit Mæhlum, på telefonnummer 73 59 64 09 eller e-postadressa [brit.maehlum@ntnu.no](mailto:brit.maehlum@ntnu.no).

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, NSD - Norsk senter for forskningsdata AS.

Med vennlig hilsen,  
Eline Bjørke

## Masterarbeidets relevans for lektoryrket

Masterarbeidet er relevant for lektoryrket på fleire måtar. I læreplanen er det kompetansemål ein kan knytte direkte opp til denne masteravhandlinga. Etter 10. årsteg skal elevane kunne «gjere greie for nokre kjenneteikn på hovudgrupper av talemål i Noreg, og diskutere haldningar til ulike talemål og dei skriftlege målformene nynorsk og bokmål» (Kunnskapsdepartementet, 2013). Etter tredjeklasse vidaregåande skal elevane kunne «gjere greie for særtrekk ved eit utval av norske talemålsvariantar og reflektere over forhold som kan påverke utviklinga av talemål» (ibid). Begge kompetansemåla inneheld element som er vesentlege i masteravhanlinga mi: Å kunne skildre talemålsvariantar ved hjelp av særtrekk, og å kunne drøfte haldningar til språk og årsakar til talemålsendingar. Gjennom masterarbeidet har eg fått mykje kompetanse, både om talemålsvariantar, haldningar til språk og talemålsendingar, som eg kan bruke i undervisninga.

Etter tredjeklasse vidaregåande, skal elevane kunne «gjennomføre ei sjølvvald og utforskande fordjupingsoppgåve med språkleg, litterært eller anna norskfagleg emne, og velje kommunikasjonsverktøy ut frå faglege behov» (ibid). Dersom elevane vel å undersøke talemål, vil eg kunne bidra med mykje kunnskap. Dialekter er eit engasjerande tema for elevar, og eg trur at elevane kan lære mykje om undersøkende arbeid ved å undersøke dialekter viss dei har ein lærar som har kunnskap om fagfeltet, og som har tilgang til nyttige ressursar. Å ta utgangspunkt i dialekter, som alle elevar på ein eller annan måte har kjennskap til og meiner noko om, vil vere sær fruktbart for ei slik fordjupingsoppgåve. Erfaringar frå masterarbeidet gjer meg dessutan til ein trygg rettleiar for elevane når dei skal gjennomføre ei utforskande oppgåve, uansett kva emne dei vel, og i andre fag enn norskfaget.

Gjennom masterarbeidet har eg dessutan opparbeidd meg kunnskap og fått erfaringar om skriveprosessar. Skrivning er ein av dei grunnleggande ferdigheitene i skulen, og god skriveopplæring er viktig i alle fag. Skriveprosessen eg har vore gjennom i masterarbeidet har gitt meg erfaringar eg kan nytte i skulen som skrivelærar. Eg skal heller ikkje undervurdere kunnskapen om mangfaldet av skriveprosessar som eg har fått ved å observere medstudentar gjennom masterarbeidet. Nett som ulike elevar, arbeider ulike masterstudentar på forskjellig vis.

## Samandrag

Denne avhandlinga har som formål å undersøke dialektendring i to familiar gjennom tre generasjonar i Løten. I tillegg forsøker eg å seie noko om bakgrunnen for dialektendringane. Løten kommune ligg på Hedmarken i Hedmark fylke, og høyrer til det nordaustlandske dialektområdet. Andre studiar frå dette området har synt at talemåla er i endring i retning eit bokmålsnært talemål.

Eg nyttar i hovudsak kvalitativ metode for å undersøke dialektendring. Eg har hatt forskingsintervju med eit strategisk utval av informantar: Seks personar henta frå tre generasjonar i to familiar busett i Løten. Den eine familien er busett på gard, medan den andre er busett på eit byggefelt. I ettertid har eg brukt intervju både til å undersøke *kva* dei seier, og *korleis* dei seier det. For å undersøke språket i intervju, har eg notert tradisjonelle og modifiserte variantar av utvalte språklege variablar.

Dei språklege funna syner at informantane i både den eldste og den nest eldste generasjonen har relativ stor opphoping av tradisjonelle dialekttrekk. Den nest eldste generasjonen er litt meir inkonsekvente enn den eldste, og har litt fleire belegg på modifiserte variantar. På same måte har informantane frå familien busett på byggefelt litt fleire belegg på modifiserte variantar enn informantane i same generasjon som er busett på gard.

Den yngste generasjonen har derimot langt færre tradisjonelle dialekttrekk enn den dei to eldste generasjonane. Den yngste informanten frå familien busett på gard har enkelte tradisjonelle dialekttrekk, som han bruker inkonsekvent. Den yngste informanten frå familien busett på byggefelt har derimot berre att tradisjonelle dialekttrekk som fell saman med eit bokmålsnært talemål.

Bakgrunnen for dialektendringane er samansett. Eg har peikt på status som ein del av forklaringa. Den låge statusen til den tradisjonelle løtendialekta kombinert med at det nærliggande søraustnorske bokmålsnære talemålet har ein prestisjestatus, kan forklare at språkbrukarar nyttar eit bokmålsnært talemål i staden for den tradisjonelle dialekta. I tillegg er identitet ein viktig faktor. Språkbrukarar som identifiserer seg med det rurale kan bruke tradisjonelle dialekttrekk for å markere ein slik identitet, medan språkbrukarar som identifiserer seg meir med det urbane kan bruke modifiserte, bokmålsnære former for å markere dette. Eg spår at det i framtida vil vere fleire løtensokningar som identifiserer seg meir med det urbane, og dimed fleire løtensokningar som vel eit bokmålsnært talemål.